

Forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernområde



Alf Erik Røyrvik, verneområdeforvaltar

<i>Tittel:</i> Forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernområde	<i>Rapportnr:</i> 11 - 2010
<i>Forfattar:</i> Utkast utarbeidd av Trude Knutzen Knagenhjelm og Siri Wølneberg Bøthun i Aurland Naturverkstad, ferdigstilt av Alf Erik Rørvik	<i>Dato:</i> 01.09.2015
<i>Referanse:</i> Rørvik, Alf Erik, Knagenhjelm, T.K. og Bøthun, S.W. 2015. Forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernområde.	
<i>Oppdragsgjevar:</i> Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	<i>Kontaktperson oppdragsgjevar:</i> Alf Erik Rørvik
<p><i>Referat:</i></p> <p>Forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernområde byggjer på Forskrift om vern av Ålfotbreen landskapsvernområde i kommunane Bremanger, Flora og Gloppen i Sogn og Fjordane. Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å fremje verneføremålet for landskapsvernområdet. I hovudsak skal planen gje utfyllande retningsliner for tolking og handsaming av verneforskrifta i samsvar med verneføremålet. Dette skal danne eit felles grunnlag for utøving av skjønn i sakhandsaminga, og bidra til samordna praksis mellom forvaltningsorgana.</p> <p>Det overordna målet for forvaltninga av landskapsvernområdet er å ta vare på eit eigenarta og kontrastrikt naturområde med dei mest oseanisk påverka isbreane i Noreg, og bevare utan stor tekniske inngrep dei særprega og storslårte devonske landskapsformene og breidda av naturtypar frå høgfjell til edellauvskogslier, i tillegg til det biologiske mangfaldet og kulturlandskap som finst i området.</p> <p>Planen gjev oversikt over problemstillingar knytt til vern og bruk og skisserer tiltak som kan gjennomførast for å oppnå ei balansert forvaltning innanfor rammene av verneføremålet. Planen gjev òg tilrådingar om tilretteleggingstiltak og planar for bruk.</p>	
<i>Forsideillustasjon:</i> Skråstilte devonske landskapsformasjoner. Foto: Siri W. Bøthun, Aurland Naturverkstad.	<i>Emneord:</i> Landskapsvernområde Forvaltningsplan
<i>Produsert av:</i> Aurland Naturverkstad AS Postboks 275741 Aurland Tlf. 57633629, Fax: 57633516 e - post: post@naturverkstad.no	Ålfotbreen verneområdestyre Njøsavegen 2 6863 Leikanger Tlf: 57643138, mob: 95889475 e-post: alfotbreen@fylkesmannen.no

Forord

Forvaltningsplan for Ålfotbreen
landskapsvernombordet har vore under utarbeiding i
perioden september 2009 til oktober 2015.

Aurland naturverkstad AS har stått for utarbeiding av eit framlegg på oppdrag frå, og i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Ei referansegruppe har vore aktiv i samband med arbeidet med planen. Gruppa har vore samansett av representantar frå administrasjonen i Gloppen, Flora og Bremanger kommune, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane turlag og grunneigarrepresentantar frå Flora og Gloppen.

Etter at Aurland Naturverkstad leverte sitt utkast til forvaltningsplan, vart utkastet sendt til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning.

I samarbeid med Miljødirektoratet har verneområdeforvaltar gjort justeringar på utkastet. Verneområdestyret har og lagt inn ein del endringar etter innspel som kom i høyringsprosessen.

Verneområdeforvaltinga vil takke Aurland Naturverkstad for eit grundig og godt utført arbeid og eit godt utkast til forvaltningsplan.

Under arbeidet med planen har det kome mange gode innspel frå referansegruppa, tilsette i kommunane og grunneigarar i området.

Sandane, oktober 2015

Ola Tarjei Kroken, styreleiar

Innhold

Forord	5
Innhold	6
Innleiing	8
1.1 Bakgrunn.....	8
1.2 Mål for vernet.....	8
1.3 Mål for forvaltningsplanen	10
1.4 Lovverk og juridiske rammer	10
2 Områdeskildring	14
2.1 Lokalisering	14
2.2 Naturtilhøve og verneverdiar	14
2.2.1 Landskapsverdiar	14
2.2.2 Geologi.....	15
2.2.3 Klima	16
2.2.4 Biologisk mangfold	16
2.2.5 Kulturminne og kulturlandskap	21
2.3 Tekniske inngrep.....	22
2.4 Dagens bruk av området	22
3 Forvaltningsmål og bevaringsmål	23
3.1 Sentrale prinsipp for forvaltninga.....	23
3.2 Mål for forvaltninga av verneområdet	23
3.3 Forvaltningsmål	24
3.4 Bevaringsmål	24
4 Brukarinteresser	25
4.1 Jord- og skogbruk.....	25
4.1.1 Status og utfordringar.....	25
4.1.2 Rammer og regelverk.....	26
4.1.3 Retningslinjer for forvaltninga	27
4.1.4 Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova	29
4.1.5 Aktuelle tiltak knytte til jord- og skogbruk.....	29
4.2 Jakt og fiske	30
4.2.1 Status og utfordringar.....	30
4.2.2 Hjortejakt	30
4.2.3 Småvilt	30
4.2.4 Fiske	31
4.2.5 Rammer og regelverk.....	31
4.2.6 Retningsliner for forvaltninga	32
4.2.7 Aktuelle tiltak knytte til jakt og fiske	32
4.3 Friluftsliv	33
4.3.1 Status og utfordringar.....	33
4.3.2 Rammer og regelverk.....	37
4.3.3 Retningsliner for forvaltninga	38
4.3.4 Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova	39
4.3.5 Aktuelle tiltak knytte til friluftsliv.....	39
4.4 Reiseliv.....	41
4.4.1 Status og utfordringar.....	41
4.4.2 Rammer og regelverk.....	41
4.4.3 Retningsliner for forvaltninga	42
4.4.4 Aktuelle tiltak knytte til reiseliv	42
4.5 Motorisert ferdsle.....	43
4.5.1 Status og utfordringar.....	43

4.5.2	Rammer og regelverk	44
4.5.3	Retningsliner for forvaltninga	45
4.5.4	Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova.....	47
4.5.5	Aktuelle tiltak knytte til transport og motorferdsel	47
4.6	Bygningar, og anlegg for akvakultur	48
4.6.1	Status og utfordringar	48
4.6.2	Rammer og regelverk	48
4.6.3	Retningsliner for forvaltninga	49
4.6.4	Aktuelle tiltak knytte til bygningar	51
4.7	Kraftanlegg og andre tekniske inngrep	52
4.7.1	Status og utfordringar	52
4.7.2	Rammer og regelverk	52
4.7.3	Retningsliner for forvaltninga	53
4.8	Forsking og undervisning	54
4.8.1	Status og utfordringar	54
4.8.2	Rammer og regelverk	54
4.8.3	Retningsliner for forvaltninga	54
5	Oppfølging og tiltak	55
5.1	Sakshandsaming	55
5.2	Oppsyn	56
5.3	Informasjon	56
	Litteraturreferansar	58
	Vedlegg 1	60
	Vedlegg 2	64
	Vedlegg 3	65

Innleiing

1.1 Bakgrunn

Ålfotbreen landskapsvernombordet vart oppretta ved kongeleg resolusjon den 9. januar 2009. Verneområdet ligg i kommunane Bremanger, Gloppen og Flora i Sogn og Fjordane fylke og utgjer eit samla areal på 226 km². Fordelt på kommunane ligg 64,6 km² av arealet i Bremanger, 65,5 km² i Flora og 95,7 km² i Gloppen.

I 2003 sendte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ut eit framlegg om at Ålfotbreområdet skulle vernast som landskapsvernombordet. Bakgrunnen for framlegget var arbeidet med landsplanen for nasjonalparkar som munna ut i Stortingsmelding nr. 62 (1991-92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*, og Stortinget si tilslutning til framlegget om m.a. å utgreie eit landskapsvernombordet ved Ålfotbreen i april 1993.

I samband med utarbeidingsa av verneframlegget vart det oppretta ei referansegruppe beståande av representantar frå kommunane, grunneigarane, frilufts- og kraftinteressene. Det vart og arrangert lokale orienteringsmøte i dei tre kommunane der målet var å få fram eventuelle interessekonfliktar, og å tilpasse vernegrensa og verneforskriftene til eksisterande og mogleg framtidig bruk av området. Målet var såleis eit verneframlegg som skulle ta vare på verneverdiane utan å leggje alt for store hindringar for bruken av området.

I samband med arbeidet med ein verneplan for Ålfotbreen vart det, i tillegg til Fylkesmannen sine eigne synfaringar, gjennomført naturfaglege registreringar av innleigd konsulent der dei botaniske tilhøva i utvalte delar av området vart vektlagt.

Arbeidet med forvaltningsplanen vart starta opp i 2009 og har vore leia av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i samarbeid med Aurland naturverkstad AS. Det er halde tre møte i referansegruppa, i desember 2009, og juni og desember 2010.

1.2 Mål for vernet

Føremålet med vernet av Ålfotbreen landskapsvernombordet er omtalt i § 2 i verneforskrifta:

Føremålet med vernet er å:

- Ta vare på eit eigenarta, vakkert og kontrastrikt naturlandskap med dei vestlegaste og mest oseanisk påverka isbreane i Noreg.
- Beware utan større tekniske inngrep dei storslårte og særprega devonske landskapsformene, og heile breidda av naturtypar i overgangen frå høgfjell og bre til elver og vatn, skogkledde dalar og fjordlår med varmekjær lauvskog.
- Ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskap som finst i området.

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Verneforskrifta § 2

Den sentrale målsettinga ved opprettning av eit landskapsvernombordet er å ta vare på landskapet sitt sær preg og karakter. Vernet skal hindre at landskap og natur vert forringa av inngrep og/eller menneskeleg aktivitet.


Restriksjonsnivået i eit landskapsvernområde er gjennomgåande lågare enn for andre verneformer. Jord- og skogbruk kan normalt halde fram på same måte som før vernevedtaket, men det vil ofte vere reglar om å ta større omsyn til dei landskapsmessige konsekvensane av verksemda enn i område som ikkje er verna. For å ta vare på verneverdiane kan det vere naudsynt å regulere driftsformer og arealbruk i landbruket. Det kan også vere ønskeleg å oppretthalde driftsformer som har skapt ein spesiell og kulturpåverka vegetasjonssamansettning, t.d. beiting av bufe.

Ålfotbreen landskapsvernområde blei oppretta i medhald av naturvernlova av 1970, men det er no naturmangfaldlova av juli 2009 som gjeld i spørsmål kring landskapsvernområdet. Naturmangfaldlova har ei generell omtale av landskapsvernområde i paragraf 36:

"Som landskapsvernområde kan vernes natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevingsmessig verdi, eller som er identitetsskapende. Til landskapet regnes også kultur-minner som bidrar til landskapets egenart.

I et landskapsvernområde må det ikke settes i verk tiltak som kan endre det vernede landskapets sær preg eller karakter vesentlig. Pågående virksomhet kan fortsette og utvikles innenfor rammen av første punktum. Nye tiltak skal tilpasses landskapet. Det skal legges vekt på den samlede virkning av tiltakene i området. I forskriften kan det gis bestemmelser om hva som kan endre landskapets sær preg eller karakter vesentlig, om krav til landskapsmessig tilpassing, og om ferdsel som ikke skjer til fots."

Naturmangfaldlova § 36



Figur 1. Eigenarta landskapsformer, biologisk mangfold og eit vidt spenn av naturtypar er mellom verdiane som vil bli bevart i landskapsvernområdet. Foto: Siri W. Bøthun, Aurland Naturverkstad.

1.3 Mål for forvaltningsplanen

Forvaltningsplanar er fastsett som del av den naudsynte oppfølginga av eit vernevedtak. Målet med forvaltningsplanar er å få ei aktiv og føreseieleg forvaltning av verneområda i Noreg (Direktoratet for Naturforvaltning 2001 (2008)).

"Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å fremje verneformålet for landskapsvernombrådet. I hovudsak skal planen gje utfyllande retningsliner for tolking og handsaming av verneforskriftene i samsvar med verneformålet. Dette skal danne eit felles grunnlag for utøving av skjønn i sakshandsaminga, og bidra til samordna praksis mellom forvaltningsorgana."

Sitat frå DN-handbok 17, Forvaltningshandboka, kap. 5.

Forvaltningsplanen for Ålfotbreen landskapsvernombråde er utarbeidd med heimel i § 5 i verneforskriftene. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande slik verneforskrifta er, men forvaltningsplanen kan vere juridisk bindande der føresegn i verneforskrifta syner direkte til forvaltningsplanen. Planen er retningsgjevande for m.a. forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging og informasjon etter verneforskriftene. Planen er godkjent av Miljødirektoratet som ansvarleg fagstyremakt for forvaltning av nasjonalparkar og andre større verneområde. Forvaltningsplanen skal ikkje gå ut over dei råmene som er sett i verneforskrifta.

1.4 Lovverk og juridiske rammer

Verneforskrift

Forskrift for Ålfotbreen landskapsvernombråde er fastsett med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern, også kalla naturvernlova (no erstatta av naturmangfaldlova). Forskrifta er relativt detaljerte når det gjeld unntak frå reglane om forbod mot inngrep. Desse unntaka skal medverke til å sikre framhald av bruken av området. Verneforskrifta dannar grunnlaget for denne forvaltningsplanen (jf. punkt 1.2.1).

Landskapsvernombråde er den mildaste forma for områdevern, etter naturreservat og nasjonalparkar. Verneforma tillèt eksisterande, tradisjonell bruk i området på vernetidspunktet. Tiltak som endrar karakteren i landskapet i vesentleg grad er likevel ikkje tillate.

Naturmangfaldlova og vurdering av dei miljørettslege prinsippa (nml § 8-12)

Naturmangfaldlova (nml) av 19.juni 2009 er den generelle lova som omhandlar all natur, forvaltninga av den og korleis ein skal ta omsyn til naturen i alle saker som påverkar naturen.

Særleg er naturmangfaldlova sitt kap II sentral for forvaltningsplanen og for offentlege vedtak. I følgje § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova leggast til grunn for all utøving av offentleg mynde. Det skal og gå fram av slutninga korleis desse prinsippa er vurdert i den enkelte saka. Forvaltningsplanen og retningslinjene som vert lagde i den, er og underlagt dette kravet om vurdering opp mot nml §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)

Etter § 8 i nml skal offentlege vedtak som kan påverke naturmangfaldet så langt det er rimeleg og mogeleg, byggje på vitskapleg kunnskap om det naturmangfaldet som kan verte påverka, og dei effektane tiltaket eller inngrepet kan ha. Særleg relevant er dei vurderingar som vart gjort og handsama i førearbeida til vernet. Desse står omtala i kongeleg resolusjon.

Dei aktivitetane, tiltaka og inngrepa som kan gjennomførast i verneområdet i tråd med denne planen, er i både i art og omfang i tråd med det som tradisjonelt har vore gjennomført, som ein har erfaring med og kunnskap om. Kunnskapsgrunnlaget om naturforholda i Ålfotbreen er henta frå tilgjengeleg litteratur, ulike databasar, registreringar i samband med verneprosessen, og innspele og erfaringar som har blitt spelt inn frå referansegruppa med fleire i samband med førearbeida til denne planen. Sjå litteraturlista bakerst for meir konkrete opplysninga. Vernestyresmakta vurderer det derfor slik at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg.

Føre-var-prinsippet (§ 9)

Når ein skal ta avgjerd utan at tilstrekkeleg kunnskap kring verknad av den på naturmiljøet, skal ein vere «føre-var» og det skal takast sikt på å unngå vesentleg skade på naturmangfaldet. I enkelte tilfelle kan utilstrekkeleg kunnskap kring effektane av eit tiltak derfor føre til at ein ikkje kan opne for det tiltaket.

På bakgrunn av at kravet om tilstrekkeleg kunnskap er oppfylt, vil føre-var-prinsippet ikkje få særleg vekt i denne vurderinga, jf. nml § 9.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)

Naturmangfaldlova sin § 10 handlar om at ein skal ha ei økosystemtilnærming i vurderinga og at den samla belastinga som eit område vert utsatt for ikkje skal verte så stor at det går ut over naturkvalitetane.

Retningslinjene i forvaltningsplanen legg avgrensingar på mengda av tiltak og inngrep som kan gjennomførast. Alle vurderingar skal gjerast med eit heilskapleg fokus. Prinsippet i § 10 er derfor ivareteke.

Kostnader ved miljøforringing (§ 11)

I følgje naturmangfaldlova sin § 11 skal kostnadane ved miljøforringing berast av den som står for tiltaket.

I denne planen får ikkje det prinsippet verknad, då dette må vurderast i kvar enkelt sak eller for kvart enkelt tiltak. Planen i seg sjølv har ikkje noko negativ effekt på naturtypar, artar eller økosystem, men vil tvert i mot føre til mindre negativ påverknad.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12)

Gjennom § 12 i naturmangfaldlova kan ein legge føringar for lokalisering og for driftsmetodar, slik at tiltaka skal vere so skånsame som mogeleg.

I forvaltningsplanen er det lagt fleire slike føringar, særleg gjennom retningslinjer for forvaltninga, for lokaliseringar og skånsame metodar. Prinsippa i § 12 er derfor vurdert og veklagt.

Den generelle dispensasjonsparagrafen i naturmangfaldlova (§ 48)

Naturmangfaldlova har ei ny generell dispensasjonsføresegn som fører til at den generelle dispensasjonsføreseagna i verneforskrifta for Ålfotbreen landskapsvernområde (§ 4 i verneforskrifta) er sett ut av kraft (jf. nml § 77) og erstatta av nml § 48. Denne paragrafen kan heimle dispensasjon frå alle vernevedtak i visse særskilde tilfelle, men den skal handhevast strengt.

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

[...]

I lokal verneområdeforvaltning er det første alternativ i dispensasjonsparagrafen som er mest aktuell. Paragrafen kan brukast til tilfelle som ikke er omtalt i verneforskrift eller i førearbeida, og som ikke er i strid mot verneføremål og ikke har nemneverdig negativ påverknad på verneverdiene. Denne dispensasjonsparagrafen skal berre brukast unntaksvis, i uforutsette eller særskilte tilfelle. Bestemmelsen gjelder i første rekke bagatellmessig inngrep eller forbiggående aktivitet som er av stor betydning for søker sammenholdt med verneverdiene.

Eit rundskriv om forvaltning av verneforskrifter ("Forvaltning av verneforskrifter, Rundskriv" - november 2001, revidert 2010) handlar om krav til sakshandsaming i medhald av verneforskriftene for verneområde.

I verneområde må eit eventuelt tiltak oppfylle krava både etter naturmangfaldlova og etter verneforskrifta. Ved motstrid mellom føresegner eller lovverk vil forskrifter gitt i medhald av naturvern- eller naturmangfaldlova normalt gå framfor andre føresegner og lover.

Tilhøve til anna lovverk

Tiltak med løyve etter verneforskriftene vil likevel ikke setje krav om løyve etter anna lovverk/regelverk til side. Søknader skal handsamast etter det lovverk som er gjeldande. Aktuelt lovverk er:

- Kulturminnelova
- Viltlova
- Friluftslova
- Laks- og innlandsfiskelova
- Beite- og bufelova
- Motorferdsellova
- Plan- og bygningslova
- Forureiningslova
- Skogbrukslova
- Jordlova

Eigedomstilhøve

35% av arealet er statsallmenning, medan det resterande arealet er eigd av 94 ulike grunneigarar. Ein stor del av det private eigarskapet innanfor vernegrensa er knytt til sameiger.

Dei største grunneigedomane innanfor området er Skjerdal og Straume i Gloppe, Grøndalen og Sunndalen i Flora, og Førde og Rise i Bremanger. Sjå vedlegg for oversikt over alle grunneigedomane i landskapsvernombordet.

Forvaltningsmynde

Forvaltning av verneområde er eit delt ansvar mellom statlege og lokale styresmakter. Dei statlege forvaltningsorgana er Klima- og miljødepartementet, Miljødirektoratet og fylkesmennene.

Regjeringa vedtok i 2009 at større verneområde kan forvaltas lokalt. Den nye forvaltningsmodellen gir forvaltningsansvaret til eit verneområdestyre, i form av eit politisk utval med ein representant frå fylkeskommunen og ein representant frå kvar kommune som har areal innanfor det verna området. Verneområdestyre for Ålfotbreen LVO er nedsett, og vart konstituert 13. mai 2011. Det er tilsett felles verneområdeforvaltar for Ålfotbreen LVO og Naustdal-Gjengedal LVO. Forvaltaren er tilsett gjennom Fylkesmannen, men er underlagt verneområdestyret. Verneområdeforvaltaren er lokalisiert på det felles forvaltningsknutepunktet for desse landskapsvernombordet, som er Sandane, i kontorfellesskap med Statens naturopsyn.

Grunneigarane eig og disponerer grunnen i landskapsvernombordet, og har gjennom praktisk bruk ein viktig funksjon som forvaltarar av landskapet og verneverdiane. Dei fleste grunneigarane er organisert i grunneigarlag og jeger- og fiskarlag (sjå punkt 1.3.2).

Kommunane har forvaltningsoppgåver i landskapsvernombordet med heimel i lovverk som t.d. plan- og bygningslova og lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselslova).

Det er oppretta ei eiga stilling i Statens naturopsyn (SNO) med kontorstad på Sandane, som har ansvar for naturopsyn i Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord. SNO er eit statleg tilsyn med oppgåver knytt til tilsyn med naturtilstand og menneskeleg åtferd i naturen.

Riksantikvaren har forvaltningsmynde innan kulturminneforvaltninga, men Sogn og Fjordane fylkeskommune nærmaste faginstans på dette feltet, og har ei sentral rolle.

2 Områdeskildring

Det er utarbeidd fleire rapportar i samband med verneplanarbeidet for Ålfotbreområdet. I dette kapittelet vert det gjeve eit samandrag av dei viktigaste kvalitetane i området.

2.1 Lokalisering

Ålfotbreen landskapsvernombordet ligg mellom Nordfjord og Sunnfjord, i kommunane Bremanger, Flora og Gloppen i Sogn og Fjordane fylke. Verneområdet er sentrert rundt dei to breane Ålfotbreen og Gjegnalundsbrean vest for Hyefjorden og sør for fjordarmen Åfoten i Nordfjord.

2.2 Naturtilhøve og verneverdiar

2.2.1 Landskapsverdiar

Ålfotbreen landskapsvernombordet er eit kystnært landskap, men med høge fjell, brear, dalar og fjordar. I samband med fylkesdelplanen for vindkraft blei det i 2010 gjennomført ei landskapskartlegging langs kysten av Sogn og Fjordane ("Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke; Landskapstypeklassifisering og verdisetting i samband med fylkesdelplan for vindkraft."). Den vestlege delen av området med Keipen, Plogen og Saga ligg innanfor det som er definert som landskapsregion 15, Lågfjella i Sør-Noreg, med landskapstype: 15 T 04 Storforma fjellmassiv. Området her er vurdert til å ha stor regional landskapsverdi:


"Denne landskapstypen vert skildra som storforma fjellmassiv, med stadvis alpin utforming. Sentralt for landskapstypen er landformer som opptrer med ein stor grad av sjølvstendig framtoning i det omkringliggjande landskapet. Landskapsområda er ofte kjende landemerke, med visuell influens langt ut over eigne avgrensingar. Landskapstypen skil seg klart frå dei avrunda lågfjellsheiane, som ligg i eit lågare nivå omkring fjellmassiva. Hovudforma er storkuperte fjellmassiv, der store og bratte fjellryggar støttar opp eit markert og sentralt toppområde. Ut frå toppane står ei eller fleire av sidene med vertikale fjellveggar på fleire hundre meter. Landskapsområdet ligg i høgd over havet mellom 900-1400 moh. Særtrekk ved landskapstypen i begge underregionane er ein unik geologi. Alle landskapsområda består av devonsk sandstein som har lagt grunnlaget for særegne og unike formasjonar"

(Uttakleiv et al. 2009: 40).

I den austlege og største delen av verneområdet, er det ikkje gjennomført kartlegging av landskapstypar. Denne delen ligg innanfor landskapsregion 17, Breane, med underregion 17.4 Ålfotbreen. Breane i referansesystemet for landskap er skildra som "fjellandskap der mindre botn- og dalbreer, evt. små platåbreer, er sterke visuelle innslag" (Puschmann 2005).

Villmarksområde

Mesteparten av Ålfotbreen landskapsvernområde er inngrepsfri natur med INON-kategori >1 km og >3 km fra tyngre tekniske inngrep. Der er også eit lite areal som er >5 km fra tyngre teknisk inngrep (Sjå figur 2)



Figur 2. Oversikt over INON-status og innrepsfrei natur i Ålfotbrean landskapsvernområde. Dei ulike grønfargane indikerar >1km, >3 km og > 5 km frå tyngre tekniske inngrep. Kjelde: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

2.2.2 Geologi

Frå 1960 - 1980-talet vart det forska mykje på berggrunsgeologien og kvartærgeologien i området kring Ålfotbreen og Gjegnalundsbreen.

Området er lokalisert i Hornelens devonfelt, det største feltet med devonske bergartar i norsk samanheng (Hauge 1987: 5, Larsen 2003: 27). Restar etter avsetningane frå devontida oppå grunnfjellsskjoldet finst berre i Devonfelta på Vestlandet (Fensfjorden, Solund, Kvamhesten, Håsteinen og Hornelen). Raud sandstein, som vart danna gjennom avleiringar av lausmasse frå ørkenane på Old Red-kontinentet, er eit framtredande trekk frå denne perioden. Det same er fleire førstegongsfunn av fossile planter, fisk, invertebratar og sporfossil. Funna er særleg konsentrert til området rundt Svartevatnet (Hauge 1987: 10).

Den særsla lange vitringstida dei harde avleiringane frå devontida har, dannar bakgrunnen for at Gjegnen (Blånippa) er det høgste punktet i Noreg vest for Jostedalsbreen med sine 1670 meter. Dei karakteristiske trappetrinnsformasjonane med vassdrag, som området er kjent for, er danna gjennom ein erosjonsprosess av skråstilte bergartar med ulik vitringsgrad.

Av pre-devonske bergarter finn vi ei samansetning av metamorfe suprakrustale bergartar frå sein prekambrium og kambrosilur. I nord ligg falda bergartar med stekt innslag av kvarts, kvit glimmer og plagioklas. I sør er bergrunnen dominert av grå, falda gneis med feltspatrik kvartsitt, medan han i området aust for Skjerdalsvatnet består av muskovittgneis (Hauge 1987: 5).

I kvartærtida gjekk Noreg gjennom fleire istider. Desse istidene har vore avgjerande for utforminga av det norske landskapet, med nedskuring av berggrunnen til vidder og flyer, skuring i djupna til u-dalar og fjordar, og lausmassavsetningar. Karakteristisk for Ålfotbreen landskapsvernområde er djupt nedskorne dalar og botnar etter istida. Skjerdalen utmerkar seg med ei karakteristisk u-form og den markerte botnforma dalenden ved Skjerdalsvatnet. Nokre botnar på nordsida av Gjegnalundsbrean fell inn i same kategori som Skjerdalen. Det finst nokre få randmorenar etter isbrear i området, ved Straume ved enden av Hopsvatnet, i utlaupet av Skjerdalen, og nord for Gjegnalundsbrean, m.a. i enden av Svartevatnet. Innanfor endemorenene ved Skjerdalen ligg breelvavsetningar som dannar ein 55 meter høg terrasse av sand, stein og grus (Hauge 1987: 7-9).

Under dei eksisterande breane går det framleis føre seg ei utvikling av glasiale dalar og botnar. I tilknyting til vassdraga vert det avsett massar som ved Skjerdalsvatnet er bygd opp til eit elvedelta. Som følgje av m.a. frostsprenging går det skred og ras som dannar urer i dei bratte fjellsrentane og skråningane (op.cit.).

2.2.3 Klima

Ålfotbreen og dei andre breane i området er dei mest oseanisk påverka i Noreg. Klimatisk ligg området hovudsakeleg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998). Området er prega av store nedbørsmengder, blant dei høgaste i Noreg. I tillegg til store mengder nedbør legg og den høge nedbørsfrekvensen til rette for lav og mose som avheng av høg luftfukt (Gaarder 2003: 14).

Dei vegetasjonsgeografiske sonene ein finn i området er sørboreal-, mellomboreal- og alpin vegetasjonssone.

2.2.4 Biologisk mangfald

Dyreliv

Det er ikkje gjennomført omfattande kartleggingar av dyrelivet i landskapsvernområdet. I samband med Samla plan for vassdrag vart det gjeve ut ulike fagrapporar som ligg til grunn for verneframlegget til området. I 2003 gjennomførte og Geir Gaarder registreringar av fugleartar i delar av området (Gaarder 2003).

Pattedyr

Vestlandet har ein stabilt stor hjortestamme og i dalføra rundt Ålfotbreen finn vi ein relativt stor bestand av hjort, synleg gjennom mange fellingsløyver i høve til areal. Hjortestamma er ein del av næringsgrunnlaget for gardsbruk i området. Dei tre kommunane Floppen, Flora og Bremanger er alle blant dei kommunane i fylket kor det vert felt mest hjort (Hjorteviltregisteret 2014).

Fuglar

Området er av verdi for rovfugl og har truleg hekkande raudlisteartar som hubro og hønsehauk. Hekkeplassar for kongeørn og havørn er også funne i området, det var dokumentert hekking av havørn ved Hyefjorden i 2012. Artar som sporvehauk, dvergfalk, jaktfalk og vandrefalk er også observert, utan at det er sikkert om dei hekkar i området.

For våtmarksfugl og storfugl er området vurdert til å vere av mindre verdi, sjølv om storfugl er observert. Når det gjeld fjellrype og lirype er bestandane gode, sett opp mot det skrinne naturgrunnlaget. Orrfuglbestanden er god.

Planteliv og naturtypar

I høgfjellet gjer den harde og næringsfattige berggrunnen, beståande av devonsk sandstein, konglomerat og breksje, at plantelivet er sparsamt. Eit sparsamt utval av artar er også typisk for vegetasjonen rundt breane (Puschmann 2005).

I dei lågareliggjande områda legg heller ikkje bergrunnen, som består av gneis, grunnlag for særleg frodig eller rikt planteliv. Men i soner i overgangen frå devonfeltet gir bergrunnen betre grunnlag for artsrik flora (Gaarder 2003).

Området består av eit interessant utval naturtypar som er kartlagt innanfor delar av landskapsvernområdet, særleg i dalføra:

Grøndalsstøylen og Svartedalen

Dominerande vegetasjon i området er bratte og dels bregnerike bjørkeskogslier og furuskog. I høgda går skogen over i fjellbjørkeskog. I dalbotnane ligg vatn der brelvar er hovudvasskjelda. Brelvane skapar store, aktive sandurar i innløpa til vatna.

Ved Grøndalsstøylen er ein open stølsvoll. Vollen vert ikkje lengre beita, og lyngartar tek gradvis over i feltsjiktet.

Det er i Naturbasen registrert to viktige naturtypelokalitetar i området. Nummereringa viser til ID-nummer i naturbasen.

Nummer og namn	Naturtype	Verdi	Kvalitetar
BN00003341 Støylnesvatnet	Stor elveøyr	Viktig	Sanduravsetningar, flomelv med stadig skiftande løp. Flommarkskog, bregnerik bjørkeskog.
BN00003340 Svartedalsvatnet	Stor elveøyr	Svært viktig	Stort og stabilt område med sanduravsetningar, dels dekt av flommarkskog.

Straumsbotnen

Det er påvist få kulturavhengige artar i dalføret, og varmekjære edellauvskogselement er i fåtal. Fjellplantefloraen, som generelt er dårleg utvikla på Vestlandet, er rik i Straumsbotnen, med kalkindikerande artar som reinrose, blankstarr, sotstarr og raudsildre.

Området er dominert av boreal lauvskog med mykje bjørk og innslag av selje, rogn og osp og nokre mindre førekommstar av furuskog. Noko edellauvskog og varmekjære artar trivst lokalt i sørvende lisider. Nokre myrar, små tjern og flommarksområder ligg også i området (Gaarder 2003: 16).

Det er registrert fem viktige naturtypelokalitetar i Straumsbotnen (etter Gaarder 2003: 18), av desse ligg fire lokalitetar innanfor vernegrens. Nummereringa viser til ID-nummer i naturbasen.

Nummer og namn	Naturtype	Verdi	Kvalitetar
BN00001964 Riset	Kroksjøar, flaumdammar og meanderande elveparti	Lokalt viktig	Elveslette med meanderande elv og vierkratt.
BN00001965 Sør for Riset	Kalkrike område i fjellet	Viktig	Nordvende bergvegfar og rike sig med m.a. reinrose, sotstarr, trillingsiv.
BN00001966 Inste Botnen	Andre viktige førekommstar	Lokalt viktig	Fjellbotn med førekommst av marigras og einskilde fjellplanter.
BN00001967 Kvannbotn	Rik edellauvskog	Viktig	Sørvend lauvskogli med innslag av alm, hassel, skogstarr m.v.

Skordalen

Vegetasjonen i Skordalen er generelt mindre rik og variert enn i Straumsbotnen. Skogen er av varierande alder frå mellomaldrande til ung, med lite daudt trevirke. I gunstige område er det registrert kravfulle artar som alm, myske, skogstarr, hassel og junkerbregne. Det er ikkje funne andre raudlisteartar enn alm (raudlistekategori Nær Truga) i dalen.

Området ligg i mellomboreal sone og for det meste innanfor oseansk vegetasjonsseksjon (Gaarder 2003: 18 m. ref). I likskap med Straumsbotnen er dalen dominert av boreal lauvskog med mykje bjørk og innslag av m.a. selje og rogn, og lokalt finst tendensar til varmekjær skog. I dei indre dalane finst rasmark og bergveggar.

Det er registrert ein viktig naturtype i Skordalen (etter Gaarder 2003: 19). Lokaliteten er av ukjent grunn ikkje lagt inn i naturbasen. Nummereringa fylgjer difor Gaarder (2003).

Nummer og namn	Naturtype	Verdi	Kvalitetar
100 – Svoravollen	Rik edellauvskog	Viktig	Gråor-almeskog med m.a. alm, skogstarr og junkerbregne

Frå 2010 er alm oppført på Norsk raudliste for artar. Dette inneber at denne naturtypen har fått høgare verdi enn under registreringa i 2003 (registrert då med verdi Lokalt viktig).

Hyefjorden vestside

Informasjonen om planteliv og naturtypar på Hyefjorden si vestside skriv seg frå noko eldre og fragmentariske kjelder enn tilfellet er for dei tidlegare omtala områda.

Liene langs Hyefjorden veksler mellom opne berg, eng- og rasmarkssamfunn i skredlaup og skog som i hovudsak består av lauvskog. Boreale lauvtre dominerer, men det er også gode innslag av edellauvskog.

I dette området er det registrert ti viktige naturtypar (etter Gaarder 2003: 21). Nummereringa viser til ID-nummer i naturbasen:

Nummer og namn	Naturtype	Verdi	Kvalitetar
BN00001907 Svartsåtegjølet	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig	Innslag av kravfulle fjellplanter som svartstarr
BN00001906 Kaldekloven	Bekkekløft og bergvegg	Svært viktig	Rik, fuktig lauvskog med m.a. hinnebregne og falkbregne
BN00001909 Teigane	Rik edellauvskog	Svært viktig	Alm-hasselskog med fuglereir og breiflangre
BN00001914 Selvågen	Rik edellauvskog	Viktig	Hasselskog med m.a. lodneperikum og tannrot
BN00001915 Sandsvora	Rik edellauvskog	Viktig	Almeskog med m.a. orkideen fuglereir
BN00001916 Halvrø	Rik edellauvskog	Viktig	Alm-hasselskog med m.a. kjempesvingel og tannrot
BN00001943 Uraneset	Rik edellauvskog	Viktig	Hasselskog med m.a. skogstarr og tannrot
BN00001944 Seieneset	Rik edellauvskog	Viktig	Hasselskog med m.a. skogsvingel
BN00001948 Hamreteigane	Rik edellauvskog	Svært viktig	Alm-hasselskog med m.a. hagtorn, breiflangre og lodneperikum
BN00001908 Bjørnasvora	Rik edellauvskog	Viktig	Almeskog med m.a. skogfaks og lodneperikum

Frå 2010 er alm oppført på Norsk raudliste for artar, under kategorien Nær Truga. Alm er påvist i fleire av dei opplista lokalitetane.

Skjerdalen

Dalen er påverka av menneske i varierande grad, og er stadvis prega av beiting. I skogen finst få gamle og daude tre, men er dominert av mellomaldrande lauvskog bestående av bjørk, selje, rogn og osp. I tillegg er det registrert noko furuskog og mindre parti med gråor.

Vegetasjonen inn mot Skjerdalsvatnet er fattig, men med innslag av kravfulle artar.

Den ytste delen av Skjerdalen, nærmest sjøen, ligg i sørboreal sone. Områda oppover dalen ligg i mellomboreal sone, og på overgangen mellom klart oseanisk og stekt oseanisk vegetasjonsseksjon. Området har ein høg årsnedbør på om lag 2000 mm.

I Skjerdalen er det registrert 9 viktige naturtypar (etter Gaarder 2003: 24 m/referansar). Lokalitet 1971 i Naturbasen er ikkje omtalt i Gaarder (2003), men han er markert på oversiktskart.

Nummereringa viser til ID-nummer i naturbasen. Av dei registrerte naturtypelokalitetane ligg fem innanfor verneområdet:

Nummer og namn	Naturtype	Verdi	Kvalitetar
BN00001969 Gåsebakkane	Kalkrike område i fjellet	Viktig	Sotstarr, fjellstarr, kastanjesiv og andre kravfulle fjellplantar.
BN00001970 Svartevatnet	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig	M.a. jøkelstarr, sotstarr.
BN00001955 Skjerdalsvatnet austside	Gammal barskog	Viktig	Pusledraugmose, gamle tre, daudt trevirke.
BN00001954 Skjerdalsvatnet	Andre viktige førekommstar	Viktig	Oligotroft vatn prega av bratte fjellsider og nærleik til bre, potensiale for våtmarksfugl.
BN00001970 Botnen ved Skjerdalsvatnet	Kalkrike område i fjellet	Viktig	Spylekjegle frå breelv med kravfull og regionalt sjeldsynt flora.

Av raudlista artar er påvist jøkelstarr (kategori Nær Truga).

For områda ut over desse er det ikkje gjennomført naturtypekartlegging.

2.2.5 Kulturminne og kulturlandskap

Det er generelt få registrerte kulturminne og kulturmiljø inne i landskapsvernområdet, og i kulturminnedatabasen Askeladden (<http://askeladden.ra.no>) ligg det ikkje inne registrerte kulturminne. Samla plan for vassdrag og Leif Hauge (2003: 17) omtalar likevel både automatisk freda og nyare tids kulturminne innanfor området. Kulturminna knyt seg i hovudsak til jakt, fiske og stølsbruk.

Skjerdalen

Skjerdalsstøylen ligg utanfor vernegrensa, men kulturminna her fortel mykje om bruken av heile dalen attende i tid. I nærleiken av Skjerdalsstøylen er det registrert ein hellar med avfallslag og truleg ei kokegrop. Kokegropa indikerar at hellaren har vore nytta i førhistorisk tid. Hauge nemner og opplysninga om at det skal vere funne fangstanlegg i øvre og nedre delar av dalen.

På Skjerdalsstøylen, som har vore brukt som vår- og hauststøl for dei tre brukna på Skjerdal, står det eitt stølshus att. Huset består av to samanbygde sel med høylager i midten og to steinfjøs i kjellaren (Ueland 1998: 85). På stølsvollen er det i tillegg fleire synlege ruinar og tufter, i tillegg til steingardar og ryddingsrøyser.

På Vasstøylen, innanfor landskapsvernområdet, står eitt av dei gamle sela og ei nyare hytte til jaktbruk. Grunna gjengroing kan ein ikkje sjå tufter eller røyser på den gamle stølsvollen i dag. Tuftene etter to fjøs er vel å merke registrert ved tidlegare høve. Tuftene etter det gamle Bjørnheim hotell, som var del av verksemda til Gloppen hotell, ligg ved vatnet. Ved Vasstøylen er det også opplysningar om tjørebrenning.

Frå tunet på Skjerdal til Vasstøylen går den gamle stølsvegen som er bevart i sin heilskap frå Skjerdalsstøylen til Vasstøylen, og i parti frå Skjerdalsstøylen og ned til gardstunet. Delar av vegen er bygd med murar og hellelagde parti. Langs dalen skal det ligge restar etter åtte utløper (Hauge 2003: 17).

Hyefjorden

I edellauvskoglia langs Hyefjorden finst ein del utslåttar.

Grøndalen/Grøndalsstøylen og Svartedalen

På Grøndalsstøylen ligg ei tuft etter eit kombinert sel og fjøs, som truleg skriv seg frå 1800-talet.

Det er registrert ein førhistorisk buplass ved Svartedalsvatnet som kan vere spor etter jakt og fiskeaktivitet attende til jernalder/mellomalder (Hauge 2003). Det har ikkje vore tradisjon for stølsdrift ved Svartedalsvatnet, men området har vore brukt som stutebeite. For at stutane ikkje skulle falle ut for dei mange skorane langs Svartedalsskora vart det lagt ned mykje arbeid kvar vår for å stenge av desse med gjerde lagd av bjørkeris.

Straumsbotnen

Dalen ber preg av lite menneskeleg påverknad i nyare tid, med unntak av beiting. Stølen Straumsbotn ligg utanfor vernegrensa, men vitnar om at heile dalen i Straumsbotnen har vore eit gunstig beiteområde fram til Trongedalen. Eit sel står framleis på stølsbøen, i tillegg til to fjøstufter (Ueland 1998: 84). Skogen har truleg vore nytta til ved- og tømmerhogst i tidlegare tid (Gaarder 2003: 15).

2.3 Tekniske inngrep

Ålfotbrean landskapsvernombordet er lite prega av tekniske inngrep (jf. Gaarder 2003: 31; Larsen 2003: 32). Fjellområdet er det vestlegaste i Noreg med "villmarksprega areal" etter INON-definisjonen, dvs areal meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep.

Kraftanlegg utgjer dei største inngrepa i og nær verneområdet. Store delar av vassdraga rundt Ålfotbrean landskapsvernombordet er regulerte til kraftutbygging. Dette omfattar mellom anna fleire magasinerte vatn til kraftverka i Åskora og Yksneelvane, drivne av Sogn og Fjordane Energi (SFE). For å skaffe vatn til kraftverka Svelgen 1-4, drifta av Elkem Bremanger (no Svelgen Kraft), er fleire vatn vest i området regulerte (Larsen 2003: 17-21). Det ligg ingen kraftleidningar innanfor vernegrensa.

Tekniske installasjonar innanfor området består av ein overføringstunell frå Skordalselva under Gjegnalundsbreen til X-vatnet og ein liten, eldre "forseinkelsesdam" av tre og stein i området ved utlaupet av Bratthammarvatnet. Ved inntaket i Skordalen er det og ein mindre sperredam i samband med inntaket, som ligg om lag 80 m vest for inntaket.

På toppen av Ålfotbrean står dessutan 11 faste målepunkt for bremålingar, beståande av nedbora målestenger i isen. Forutan desse installasjonane ligg eit lite tal hytter i verneområdet. Inntaket til eit småkraftverk i Grøndalen er bygd i Støylvatnet innanfor vernegrensa, etter at det blei gitt opning for dette i verneforskriftene. På utsida, men svært nær vernegrensa på nordsida ligg mange av magasina til kraftanlegga til SFE.

2.4 Dagens bruk av området

Ålfotbrean landskapsvernombordet vert i dag brukt i samband med ekstensiv landbruksnæring, med hovudvekt på beite og noko vedhogst. Hjortebestandane i området utgjer ein stor ressurs for grunneigarane i området, medan jakt på småvilt og fiske har mindre omfang.

Området er viktig i samanheng med det tradisjonelle friluftslivet, både for lokale, regionale og nasjonale brukargrupper. Berre få reiselivsaktørar nyttar området direkte i si næring.

Vassdraga kring området er ein stor ressurs for kraftproduksjon som til dels er utnytta gjennom store kraftanlegg og nokre få småkraftanlegg.

Området vert ikkje brukt i forsking i dag, men har tidlegare vore nytta som ekskursjonsmål i geologiundervisning og anna forsking. Området kan ha stor forskingsverdi framover i tid.

3 Forvaltningsmål og bevaringsmål

3.1 Sentrale prinsipp for forvaltninga

Verneformålet i landskapsvernombordet er knytt til å ta vare på eit svært variert naturområde med stor breidde i naturtypar og biologisk mangfald. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt Gullfriluftsliv, det vil seie naturvenleg og enkelt friluftsliv som ikkje fører til større inngrep.

Prinsippa i naturmangfaldlova skal leggast til grunn for forvaltninga jf. naturmangfaldlova § 7.

I landskapsvernombordet skal det ikkje settast i verk tiltak som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg, jf. naturmangfaldlova § 36.

3.2 Mål for forvaltninga av verneområdet

Forvaltninga av landskapsvernombordet skal styrast av framsette *forvaltningsmål* og *bevaringsmål*. *Forvaltningsmål* er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til eit verneområde. Dette gjeld både verdiar og kvalitetar knytt til areal, biologisk mangfald og naturtypar, og interesser knytt til friluftsliv, brukar- og næringsinteresser.

Bevaringsmål set mål for den tilstanden det er ønskjeleg at verneverdiane i området skal ha. Dei er òg ei presisering av dei delane av forvaltningsmålet som er knytte til verneverdiane. Bevaringsmål skal vere målbare og presise, t.d. i form av mål for areal av ein naturtype, førekommst av bestemte artar, tilgjenge for friluftsliv osb.

Forvaltninga bør skje etter ein hovudregel om at brukarinteressene skal tilpassast verneverdiane, men at søknadsprosessar knytt til bruk av området skal vere brukarvenlege, tilpassa og samkøyrd. Dette vil m.a. innebere at det bør vere nok å sende aktuelle søknadar til ein instans.

Forvaltninga bør ha ein god dialog med brukarane av området og arbeide for å finne løysingar som byggjer på vern gjennom bruk. Dette vil gjelde bruk som står opp om verneformålet, og bruk som ikkje har negative verknader for vernet. Kva former for bruk som er aktuelle, følgjer av verneføresegnene og av forvaltningsplanen. Der forvaltninga må prioritere mellom brukarinteressene, skal bruk som er naudsynt for å ivareta verneverdiane ha prioritet.

3.3 Forvaltningsmål

I Ålfotbreen landskapsvernområde er det eit mål for forvaltninga å:

- Ivareta verneføremål og verneverdiar i tråd med forskrifa og anna lovverk
- Fjerne førekommstar av uønska artar og hindre spreiing av desse inn til verneområdet
- Kartlegging og skjøtsel av kulturminner, kulturmiljø og andre verneverdiar
- Gjere området tilgjengeleg for friluftsbrukarar
- Auke kunnskap om verneområdet og verneverdiane både blant lokale og tilreisande
- Sørge for at informasjon om verneområdet, verneverdiar og om bruk av området er lett tilgjengeleg

3.4 Bevaringsmål

Bevaringsmåla i verneområdet skal bidra til auka fokus på viktige naturkvalitetar, med systematisk oppfølging, dokumentasjon og rapportering av tilstanden til naturkvalitetane, og med det føre til betre kunnskapsgrunnlag og meir presis forvaltning av verneverdiane i landskapsvernområdet.

Bevaringsmåla skal også gjere det enklare å vurdere behovet for skjøtsel eller andre naudsynte tiltak for å oppretthalde naturverdiane. Bevaringsmåla skal vere konkrete og målbare. Naturkvalitetane i verneområde skal ha god tilstand, og tilstanden skal dokumenterast gjennom ulike formar for overvaking.

Bevaringsmål er ikkje ferdig utarbeida enno, og vil kome som eit vedlegg til forvaltningsplanen når dei er klare. Tiltak og metodar for å ta vare på verneverdiane vil då komme fram i tabell i vedlegget.

4 Brukarinteresser

4.1 Jord- og skogbruk

4.1.1 Status og utfordringar


Innanfor verneområdet er i dag bruken ekstensiv, både når det gjeld jordbruk og skogbruk. Dette er tilfelle sjølv om det er aktivt landbruk i alle bygdene rundt landskapsvernområdet. At gardane har lite innmark i høve utmark, gjer at utmarka er viktig for gardane, særskilt i form av beite og noko hogst (Larsen 2003).

Beitebruk

Beitiga i området går i hovudsak føre seg med sau, nærmere bestemt ved Straumsbotnen, og vidare frå Straumsbotnen nordaust over Heifjellet, Hellefjellet gjennom Lyselvskaret og Glennefjellet, over området ved Lavesteinen, til og med Skordalen. I tillegg føregår beitinga i området Lassenipa/Nipevatn, aust for Grøndalen. Talet på sau som vert sleppt i desse områda er om lag **350**. Noko storfe (tradisjonelt 13-14 oksekalvar) beitar sør for Hjelmevatnet. I Skjerdalen går det hestar på fritt beite.

Opphavleg var områda rundt Støylvatnet og fjellet mellom Støylvatnet, Svartedalen og Brelægda nytta som småfebeite.

Stølsbruket i området er nedlagt, men stølane vert i nokre tilfelle nytta i samband med hjortejakt (Larsen 2003).



Figur 3.Kart som syner beiteområde, jaktområde og fiskevatn.

Hogst

Det finst pr. i dag lite drivverdig skog i området, og det vert ikkje drive skogbruk av kommersiell art. Det som vert hogd er i hovudsak ved til eige bruk, t.d. i Borbotnen rett opp for Grøndalen, og rundt hytta ved Støylsvatnet i Grøndalen.

For at skogen skal vere ein verdfull økonomisk ressurs, må prisane på ved få ei monaleg auke (Larsen 2003). Samstundes er området så vanskeleg tilgjengeleg at det skal mykje til for å få auka hogst.

4.1.2 Rammer og regelverk

Verneforskrifta har reglar knytt til landbruk i § 3

§ 3 VERNEREGLAR

1.2 Reglane i punkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) vedlikehald av eksisterande bygningar, innretningar og anlegg. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging og utbygging. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet
- b) vedlikehald av eksisterande skilt, bruer, gjerde og stiar
- [...]
- d) rydding av beitemark som har grodd til, beiting, lauving og slått
- e) anlegg av førebelse sanketrører og nødvendig gjerding i samband med desse
- f) plukkhogst av ved til eigen bruk.

[...]

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- b) gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som har gått tapt ved brann eller naturskade
- c) oppføring av naudsynte nybygg og anlegg i samband med landbruk, turlagsverksem og oppsyn som ikkje er i strid med verneformålet. Nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk, og det er eit vilkår at det ikkje er andre bygningar i området som kan oppgraderast og nyttast til same føremål
- e)
- [...]
- i) oppgradering av stien mellom Skjerdalsvatnet (Vasstøylen) og Skjerdalsstøylen på ein slik måte at det er mogleg å bruke lett hjulgåande transportmiddel. Stien skal ikkje oppgraderast til veg

[...]

2. Plantelivet

[...]

2.2 Beiting, lauving, slått og rydding av beitemark som har grodd til, er tillate. Rydding av skytefelt i samband med postering under hjortejakt er også tillate, så lenge ein ikkje fjernar større tre.

2.3 Hogst av ved i form av plukkhogst til eigen bruk er tillate.

2.4 Hogst av ved for sal og uttak av anna virke kan skje i medhald av plan som er godkjent av forvaltningsstyresmakta etter § 6.

Ei plan skal normalt byggje på følgjande retningslinjer:

- a) plukkhogst bør nyttast. Ved lukka hogstformer kan ein nytte hogstflate opp til 5 dekar dersom det blir sett igjen jamt spreidde tre på flata
- b) særmerkte tre og område som vesentleg pregar skogsbiletet skal ikkje hoggast
- c) bekkedalar, område med urskogspreng, koller og tiurleikar skal ikkje hoggast
- d) samanhengande parti med edellauvskog og areal med fuktiskog skal ikkje hoggast
- e) etablering av ny skog skal skje ved naturleg forynging.

Forts. neste side

5. Motorferdsel

[...]

5.2 *Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:*

[...]

b) *motorferdsel i samband med skogsdrift som er godkjent etter punkt 2.4*

5.3 *Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:*

a) *husdyrhald*

[...]

d) *transport av varer til hytter og stølar*

e) *transport av material til vedlikehald og byggearbeid på hytter, bruver, klopper o.l.*

4.1.3 Retningslinjer for forvaltninga

I følgje Forskrift om vern av Ålfotbreen landskapsvernområde, er føremålet med vernet m.a. å "bevare utan større tekniske inngrep dei storlåtte og særprega devonske landskapsformene, og heile breidda av naturtypar i overgangen frå høgfjell og bre til elver og vatn, skogkledde dalar og fjordlier med varmekjær lauvskog" (§ 2). Eit av hovudpoenga med vernet er med andre ord å ta vare på landskapet i naturtilstand, og området er derfor verna mot inngrep som kan endre eller påverke karakteren til landskapet. I praksis vil det seie at ein ikkje kan gjere nye tekniske inngrep i samband med landbruksdrift, så framtid dei ikkje er nemnde som unnatak i verneforskriftene.

Forvaltninga vil i utgangspunktet vere positive til bruk av landbruksressursane innanfor dei rammene som verneforskrifta set. Landbruksaktivitet bør skje utan at det medfører nye varige inngrep, og med minst mogleg bruk av motorkjøretøy. Tildeling av løyve til landbrukstiltak føreset at tiltak vert utforma på ein slik måte og i eit slikt omfang at det ikkje går ut over natur- og landskapsverdiane i det aktuelle området. Forvaltninga vil leggje vekt på dialog med landbruksforvaltninga og grunneigar, for at rutinane for søknad om løyve til tiltak i samband med landbruksdrift vert så enkle som mogleg.

Beitebruk

Tillate utan søknad:

- Beiting, lauving og slått
- Rydding av beitemark som har grodd til
- Førebelse sanketrører og naudsynt gjerding i samband med desse.
Med førebels meinast innretningar og anlegg som kan takast vekk når sinkinga er ferdig. Med naudsynt meinast det som må til for å kunne gjennomføre sinking og tilsyn med beitedyr og halde beitebruken av området på dagens nivå.
Vedlikehald av førebelse sanketrører og naudsynte gjerder er tillate utan søknad.
Vedlikehald skal ikkje føre til endra omfang eller storleik.

Tillate etter søknad:

- Oppføring av naudsynte nybygg og anlegg i samband med landbruk.
Dette gjeld gjetarbuer, gjerder, bruer, klopper og anna som trengs for å oppretthalde beitebruk i området. Det vert berre gjeve løyve til nybygg og anlegg som er tilknytt aktiv landbruksdrift. Inngrep bør vere reversible dersom det er mogeleg. Det vert ikkje gjeve løyve til nybygg dersom det det allereie fins bygningar i nærleiken som kan oppgraderast og nyttast til same føremålet. Alle nybygg og innretningar skal tilpassast landskap og byggeskikk.
- Gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er øydelagd av brann eller naturskade. Ein kan ikkje rekne med å få bygge opp att bygningar som har fått forfalle over tid slik at det ikkje lenger er ein ståande bygning.
- Bygging av bruer og klopper i samband med jord- og skogbruk
- Oppgradere stien frå Skjerdalsstøylen og inn til Vasstøylen ved Skjerdalsvatnet. Stien kan etter godkjent søknad oppgraderast til ein slik standard at ein kan nytte lett hjulgåande transportmiddel/ATV på stien i samband med transport knytt til landbruk, jakt, fiske og transport til hytter som kan verte bygd ved Skjerdalsvatnet jf. verneforskrifta § 3 pkt 1.3.d). Stien skal ikkje oppgraderst til veg.

Hogst

Tillate utan søknad:

- Hogst av ved til eigen bruk.
Det skal nyttast plukkhogst, og ein må søkje om eventuell motorferdsle i samband med dette.
- Hogst av vegetasjon i samband med rydding av beitemark som har grodd til
- Motorsag og motorryddesag kan nyttast i samband med lovleg hogst

Tillate etter godkjent hogstplan:

- Annan hogst enn den som er nemnt over er lov når det skjer i tråd med godkjent hogstplan.
Hogstplanen skal ikkje vere i strid med verneføremål eller verneverdiar, og den bør bygge på retningslinene som står i verneforskrifta § 3 pkt. 2.4

Hogstplanen skal innehalde:

- o Kart over det området som skal hoggast
- o Hogstform. Plukkhogst bør nyttast, men ein kan også bruke lukka hogstformer med hogstflater opp til 5 daa dersom det vert sett at jamt spreidde tre på flata. Det er ikkje høve til å nytte terrenggående hogstmaskin.
- o Tilstand på skogen som skal takast ut
- o Kartfesting av eventuelle biologisk viktige område eller element som ikkje skal hoggast
- o Plan for uttransport av trevyrket, det skal skje på snødekt eller frosen mark
- o Plan for avfallshandtering

Verneforskrifta opnar ikkje for løyve til opparbeiding av skogsveg for uttak av skog. Det vil ikkje vere høve til å nytte terrenggåande hogstmaskin.

For retningsliner om motorferdsel knytt til jord- og skogbruk, sjå kapittel 4.5 om Motorferdsel.

For retningsliner om bygningar knytt til jord- og skogbruk, sjå kapittel 4.6 om Bygningar, og anlegg for akvakultur.

4.1.4 Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, so skal utøving av offentleg mynde som omhandlar natur og miljø vurderast opp mot §§ 8-12. Det gjeld og retningslinjer i forvaltningsplanen, dersom desse legg konkrete føringar ut over det som står i verneforskrifta.

Kunnskapsgrunnlaget bak retningslinjer for jord- og skogbruk bygger først og fremst på databasar (som til dømes Naturbase) og dei innspela som har kome i verneprosessen. I tillegg innspel frå referansegruppa som er oppretta i samband med forvaltningsplanarbeidet. Erfaringar kring bruk av området i beitebruk- og skogbrukssamanheng er veldig viktig i denne samanhengen. Ved eventuell søknad om oppgradering av stien til Skjerdalsvatnet bør det gjennomførast synfaring.

Retningslinjene i denne planen, saman med reglane i verneforskrifta, avgrensar den samla belastninga av jord- og skogbruksverksemdund slik at den er innanfor det som er akseptabelt og på eit ønska nivå for bruk av området. Topografi og tilgjengeleghet vil uansett avgrense bruk av det meste av verneområdet slik at den samla belastninga vil vere låg.

Ved plassering av naudsynte nybygg skal er plassering og byggeskikk ei viktig vurdering som må gjerast i kvar enkelt sak. Slike bygg bør leggast i områder kor det allereie fins bygningar. Forvaltningsstyremakta kan sette krav til at den mest skånsame plassering vert valt, jf. § 12.

Ved eventuelt løyve til oppgraderinga av stien mellom Skjerdalsvatnet og Skjerdalsstøylen må kulturminneverdiane til stien som gamal stølsveg sikrast, slik at dei ikkje går tapt. Dette inneber m.a. at murar og kantsteinar så langt det er mogleg bør få stå, og at opphavleg steinlegging bør få ligge der denne er synleg. Stien skal ikkje oppgraderast til veg, det vil m.a. seie at den ikkje skal utvidast eller grusast ut over vanskelege parti der dette er naudsynt for å få fram lett hjulgåande transportmiddel (ATV).

4.1.5 Aktuelle tiltak knytte til jord- og skogbruk

Sjå tiltaksplan på heimesida til verneområdet.

4.2 Jakt og fiske

4.2.1 Status og utfordringar

Med unntak av beite og skog er storviltjakt på hjort den største utmarksressursen knytt til landskapsvernområdet. Småviltjakt og fiske har mindre omfang, men er også ein viktig ressurs i området.

Grunneigarar og interessentar i området er organisert i lag og foreiningar, som m.a. tek i vare jakt- og fiskeressursane. Desse er:

- Norddalsfjord grunneigarlag (berre fiske)
- Svelgen jeger- og fiskerforening
- Flora jeger- og fiskerforening
- Gloppe jeger- og fiskarlag
- Hyen jeger- og fiskarlag

Nokre grunneigarar forvaltar jakt- og fiskeressursane sine sjølvstendig.

4.2.2 Hjortejakt

Hjort utgjer ein særstak stor viltressurs. Jakta gjev gode inntekter i form av sal av kjøt, og utleige av jakt for fleire gardsbruk som har areal i landskapsvernområdet.

I Gloppe går teljande areal for hjort opp til 700 moh. Gardane Årevik, Skeistrand, Hyenes, Skjerdal, Kleppenes, Osmundsnes, Holme, Straume og Hope har delar av sitt teljande areal for hjort innanfor verneområdet. Arealet i verneområdet vert i varierande grad nytta i sjølve hjortejakta. Det finst inga oversikt over kor mange dyr som vert felt innafor vernegrensa, men Hyenes, Skjerdal, Osmundsnes/Kleppenes, Holme, Straume og Hope nyttar areal i landskapsvernområdet i jaktutøvinga.

Vasstølen ved Skjerdalsvatnet vert nytta i samband med hjortejakt. Det har i den samanhengen blitt nemnt eit behov for å oppgradere stien frå Skjerdalsstølen til Vasstølen inne i landskapsvern-området for å kunne nytte lett hjulgåandekøyretøy i samband med uttransport av jaktbytte. Dette kan vere aktuelt dersom dagens opplegg med hestetransport av hjortekjøtet ikkje kan halde fram.

I Flora har Grøndalen 11 løyve. Hjortejakta går føre seg i Svartedalen, områda rundt Støylsvatnet, Trongedalen og mot austre enden av Storebotnvatnet. I dette området vil det ved særskilte høve vere behov for helikoptertransport i samband med transport av kjøt.

I Bremanger sin del av landskapsvernområdet går det ikkje føre seg storviltjakt.

4.2.3 Småvilt

Lirype og fjellrype er dei viktigaste småviltressursane innanfor landskapsvernområdet (Larsen 2003).

Småviltjakta går føre seg i mindre omfang over store delar av arealet. Så langt det er kjent, er ikkje småviltjakta tilrettelagt gjennom sal av jaktkort eller utleige.

4.2.4 Fiske

I dei lågareliggende vatna i området, samt i nokre fjellvatn, er det gode tilhøve for aure, men det finst ikkje oversikt over bestandar for alle vatn i området.

Det er gode fiskebestandar (aure) i Støyvatnet og Svartedalsvatnet i Flora kommune. Det er tidlegare sett ut aure i Nipevatna og Lægdevatna ved Blåbrebu. Vatna i området vert omfatta av fiskekortordninga til Norddalsfjord Grunneigarlag.

Nettsida gloppen.sportsfiske.no er ei god kjelde til kunnskap om fiskevatna i Gloppen kommune. Innanfor verneområdet i Gloppen kommune er det fritt fiske i Skjerdalsvatnet. Andre aktuelle fiskevatn ligg vest for Skjerdingane. Her ligg ei klynge mindre vatn, nokre av desse innanfor verneområdet; Gullsmedvatnet, Prestevatnet og Skjerdingevatnet. Desse har alle små bestandar av fjellaure.

Registrerte fiskevatn i Bremanger kommune er Tverringtjønna, Bratthammarvatnet, Rundevatnet og dei omkringliggende småvatna i dette området. I tillegg er Langevatnet eit godt fiskevatn. I dag går det ikkje føre seg kultivering av fiskevatn innanfor landskapsvernombudet i Bremanger kommune.

4.2.5 Rammer og regelverk

Verneforskrifta har reglar knytt til jakt og fiske i sin § 3.

§ 3 VERNEREGLAR

[...]

1.2 *Reglane i punkt. 1.1 er ikkje til hinder for:*

[...]

c) *vedlikehald av eksisterande stigar, boltar, kjettingar, tau og wire som er sett opp for å gjøre område framkomeleg i samband med jakt og anna ferdsel*

[...]

1.3 *Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til:*

[...]

h) *bruk av feltslakteri i samband med hjortejakt*

[...]

3. Dyrelivet

3.1 *Jakt er tillate etter viltlova.*

3.2 *Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfisklova.*

4. Ferdsel

4.1 *All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.*

[...]

5. Motorferdsel

[...]

5.3 *Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:*

[...]

b) *storviltjakt*

c) *fiske*

Restriksjonar i høve kultiveringstiltak i fiskevatn ligg ikkje inne i forskrifta for verneområdet. Her gjeld lakse- og innlandsfiskelova med forskrifter.

4.2.6 Retningslinjer for forvaltninga

Forvaltninga vil generelt ha eit positivt utgangspunkt i høve initiativ som kan betre utnyttinga av jakt- og fiskeressursane innanfor rammene av verneformålet. Inngrep og motorferdsel bør haldast på så lågt nivå som mogleg.

Tillate utan søknad:

- Jakt i samsvar med viltlova
- Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskelova
- Vedlikehald av boltar, stigar og liknande som er sett opp for å sikre trygg ferdsel under jakt og anna bruk av området

Tillate etter søknad:

- Bruk av feltslakteri i samband med hjortejakt
- Naudsynt motorferdsel i samband med jakt og fiske(sjå kapittel 4.5)

Det vil ikkje bli gjeve løyve til å setje ut fisk i vatn som er fisketome, medan utsetjing av fisk av stadeigen stamme kan få løyve i vatn der det er sett ut fisk tidlegare, i tråd med dei nasjonale retningslinjene for fiskeforvaltning.

For søknadar om løyve til motorferdsle sjå kap. 4.5.3.

4.2.7 Aktuelle tiltak knytte til jakt og fiske

Det kan gjerast vurderingar av behovet for utfisking i Støylsvatnet.

Sjå elles tiltaksplan på nettsidene til verneområdet.

4.3 Friluftsliv

4.3.1 Status og utfordringar

I den nasjonale friluftspolitikken er det eit strategisk mål at *Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, triveselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles* (St. meld nr 39). I Fylkesdelplan for friluftsliv (1995) med heimel i plan- og bygningslova, er dette området peika på som eit viktig område for friluftsliv, med stor brukarintensitet. Denne planen er no 20 år gammal, og vi kan ikkje seie at brukarintensiteten er stor per i dag. Men det er likevel ønskjeleg at det skal vere gode tilhøve for tradisjonelt friluftsliv i Ålfotbreområdet, med utgangspunkt i tilstanden i dag. Den største brukargruppa er frå regionen, medan ein del brukarar kjem frå heile landet elles (Larsen 2003).

I FRIDA, dataregisteret over friluftsområde, er området på og rundt Gjegnalundsbrean og vestover til Bukkenibba, samt vestre del av Ålfotbreen fram til Storebotsnipa merka av som lokalt viktige område for friluftsliv. Det same gjeld Skjerdalen, Skordalen og Straumsbotnen-området (www.fylkesatlas.no).

Områda i og kring Ålfotbreen landskapsvernombordet er likevel relativt lite tilrettelagt i form av stiar, kryssing av vassdrag og merking, og terrenget er svært krevjande. Dette er faktorar som gjer at området ikkje er eigna til tradisjonell friluftsbruk for alle brukargrupper. Nokre område har heller ikkje stort fokus som friluftsområde i dag. Samtidig er det eit ynskje frå grunneigarane om at det i nokre av områda, som Straumbotnen og Skjerdalen, ikkje skal gjerast nye, omfattande tilretteleggingstiltak for friluftsliv. Vedlikehald av merking på etablerte turruter og rydding langs eksisterande stiar kan likevel vere viktig i desse områda. Til dette må det innhentast løyve frå grunneigar.

Det er utarbeidd turkart for Gloppe som inkluderer store delar av verneområdet (Den norske turistforening/Ugland IT 2010). Kartet erstattar det gamle turkartet for Gloppe frå 2000. Turkart frå Bremanger kom i ny utgåve i 2014. Dette dekker heile landskapsvernombordet. Det føreligg også eldre turkart frå området. På desse karta er dei merkte og viktigaste turrutene inntekna. Flora kommune og Flora turlag jobbar med ei turbok for Flora.

Friluftslivaktivitetar på barmark

Det tradisjonelle friluftslivet i området gjeld turgåing (både uorganisert og fellesturar med turlag), fiske, jakt og bærplukking, samt overnattingsturar til nokre få private hytter og turlagshyttene Blåbrebu og Gjegnbabu, som er drivne av Flora Turlag. Ei viktig brukargruppe i området er elevane ved Nordfjord folkehøgskule.

Dei viktigaste turrutene i området med tilhøyrande brukargrupper er skildra i Verneframlegg for Ålfotbreen landskapsvernombordet (Larsen 2003).

Ålfotbreområdet er i all hovudsak eit krevjande terrenget der bruken av mange av dei umerka turrutene krev stor grad av lokalkunnskap. Det finst difor eit visst behov for tilrettelegging i form av merking og vedlikehald av stiar og vegar. Kjende behov for vedlikehald og betre merking av turruter innanfor landskapsvernombordet i dag er:


- Ruta frå Hope til Gjegnabu. Her er det vanskeleg å finne rett veg om Lavestenen, og farleg dersom ein skulle velje den gamle traseen via Skordalen. Ruta er merka, men her er behov for betre skilting og informasjon. Dette arbeidet er i gang.
- Stien frå Blåbrebu til brefoten har ein stige som treng vedlikehald (er laus, treng å boltast fast). Her er og eit vanskeleg parti der det er behov for ein streng/vaier til å holde seg i over eit kortare parti før ein kjem til stigen. Ruta er merka.
- Turen frå Yksneelvane Kraftverk til Gjegnen. Arbeid med merking og skilting av denne er godt i gang og truleg snart ferdig.
- Det kan vere aktuelt å rydde og merke stien frå Skjerdalen og opp til Svartevatnet, i møte med stien frå Hyeneset. Ruta er ikkje merka i dag.
- Sikringstiltak på merka rute frå Åskora til brekanten på Ålfotbreen. Her har ein utfordringar med jamlege steinsprang i området ved Lille Åskoravatnet.

Elvekryssingar med behov for bru:

- Utløpet av Svartedalsvatnet. Her finst ikkje bru pr. 2011.
- Over hovudelva i Straumsbotnen. Her finst ikkje bru pr. 2014.
- Innanfor Støylsvatnet på veg til Blåbrebu ligg ei bru over eit elveleie med stor vassføring i flaumperiodar. Brua kan bli skadd av is, og utskifting må vurderast.
- Utlaupselva frå Snønykjevatnet i Bremanger treng betre bru. I dag er der berre ein wire.

Friluftslivsaktivitetar om vinteren

Vinterstid og utover våren vert området nytta til turgåing på ski. Det er ikkje tradisjon for vintermerking (kvisting eller køyring av skiløyper) i området i dag, og det må vurderast som lite aktuelt framover.



Figur 4. Kart som viser innfallssportar, vegar og stiar.

Innfallssportar

Dei mest brukte innfallssportane til området er (sjå kart over):

- Skjerdalen i Gloppen
- Hope i Gloppen
- Grøndalen i Flora
- Sunndalen i Flora (Budalen)
- Svelgen/Storeskredene i Bremanger
- Åskora i Bremanger
- Risevatnet i Bremanger
- Lundan (Yksneelvane) i Bremanger
- Førdedalen i Ålfoten (ikkje merka av på kartet, ligg vest for Åskora)

Til desse er det knytt eit behov for tilrettelegging for tilkomst med bil og/eller båt, samt informasjon om landskapsvernområdet.

Skjerdalen

Den private kaia på Skjerdalen er einaste tilkomst til Skjerdalen, til vanleg frå Hestenesøyra. Anløp i Skjerdalen medfører at turen startar på vegen som kryssar tunet på garden. For at ikkje turgåarane skal vere til sjenanse bør det etablerast ein sti som går utanom det private tunet.

Hope

Hope er utgangspunkt for ei av turløypene til Gjegnabu. Her er to parkeringsplassar, ein på Nakkane med stor kapasitet, og ein lenger nede ved gardane i Hope med plass til 4-5 bilar. Ved den nedste parkeringsplassen er det bygd toalett som er ope for ålmenta.

Grøndalen

Grøndalen er det mest nytta utgangspunktet for turar til Blåbrebu. Før vegen endar i tunet i Grøndalen er det frå grunneigar si side tilrettelagt for parkering av 6-7 bilar. Ved nokre høve viser det seg at kapasiteten på parkeringsplassen er for liten, noko som gjev seg utslag i parkering langs vegen. Det vil her vere behov for utbetrинг og utviding av p-plassen med 3-4 plassar i form av utfylling og grusing. Det kan samstundes leggast til rette for ein rastepplass i tilknyting til p-plassen, som kan skjermast fysisk frå parkeringsarealet. Her vil det og vere relevant å plassere ein benk og ei informasjonstavle for området med m.a. informasjon om kjøp av fiskekort m.v. I dag står infotavlā ved startpunktet til stien på motsett side av vegen for p-plassen.

Sunndalen (Budalen)

Sunndalen vert nytta som utgangspunkt for turar på Lassenipa og til Nipevatna i Flora kommune. Turen inngår ikkje i det merka turløpenettet. Det er i dag høve til å parkere ved hovudvegen ved Sunndalsvatnet. Ein privat grusveg er bygd frå tunet i Sunndalen opp Budalen og like forbi Budalsvatnet. Ei tilrettelegging for nokre få parkeringsplassar ved Årvollen vil gjere starten på turen til Lassenipa langt enklare for turgåarar.

Svelgen/Storeskredene

Ved Straumane, mellom Svelgvatnet og Sørdalsvatnet i Bremanger er fylkesveg 614 utgangspunkt for ei merka rute forbi Storeskredene og Såta, med moglegheit for å fortsette mot Keipen, Plogen og Saga. Det er høve til parkering, som er planlagt skilta.

Åskora

Åskora i Førdsollen er utgangspunkt for ei merka turløype opp til toppen av Ålfotbreen. Her er det laga til parkeringsplass med plass til 4-5 bilar, som er skilta.

Risevatnet

Risevatnet er utgangspunkt for fotturar til Keipen, Plogen og Saga. Ruta er ikkje merka og kan vere rasfarleg. Innfallsporten og turruta er ikkje prioritert for tilrettelegging.

Lunden (Yksneelvane)

Lunden er utgangspunkt for ei ny turrute til Gjegnen, som tidlegare skildra. Her bør det leggast til rette for parkering ved hjelp av skilting.

Førdedalen

Førdedalen er utgangspunkt for turar til Saga, Plogen og Keipen, og til ein del fiskevatn i dette området. I Førdedalen går det skogsbilveg inn til Vasslidvatnet. Her vert det jobba med å lage til parkering.

I tillegg til desse kan ein og nemne **Mettenes**. Her startar ein sti som går opp til Gullsmedhytta og vidare mot Gjegnalundsbrean, eller mot Skjerdingane og Skjerdal/Hyenes. Her er kai, men den er i dårleg forfatning.

Ei utfordring i samband med tilrettelegging av innfallsportar kan bli konflikt mellom parkering og beitedyr eller andre landbruksinteresser.

4.3.2 Rammer og regelverk

Verneforskrifta har reglar knytt til friluftsliv i §§ 2 og 3:

§ 2 FØREMÅL

[...]

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

[...]

§ 3 VERNEREGLAR

[...]

1.2 Reglane i punkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

[...]

- b) vedlikehald av eksisterande skilt, bruer, gjerde og stiar
- c) vedlikehald av eksisterande stigar, boltar, kjettingar, tau og wire som er sett opp for å gjere område framkomeleg i samband med jakt og anna ferdsel

[...]

1.3 Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til:

[...]

- c) oppføring av naudsynte nybygg og anlegg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn som ikkje er i strid med verneformålet. Nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk, og det er eit vilkår at det ikkje er andre bygningar i området som kan oppgraderast og nyttast til same føremål

[...]

- e) bygging av bruer og klopper

- f) ny merking og sikring av stiar

[...]

4. Ferdsel

4.1 All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturmiljø.

4.2 Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert ferdsel må ha særskilt løyve av forvalningsstyresmakta der dette går fram av forvalningsplanen. Ferdsel som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvalningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvalningsplanen i §5.

4.3.3 Retningslinjer for forvaltninga

Forvaltninga skal stimulere til tradisjonelt og enkelt friluftsliv. Dette bør gjerast gjennom god informasjon og høveleg tilrettelegging utan særlege inngrep.

Tillate utan søknad:

- Tradisjonelt friluftsliv i samsvar med friluftslova.
Her meinast vanleg friluftsliv som vandring, skiturar, telting med meir, som ikkje fører med seg inngrep eller motorferdsel.
- Vedlikehald av skilt, bruer, kloppar og liknande.
Vedlikehald skal ikkje føre til oppgradering eller vesentlig endring av storleik eller utsjånad.
- Vedlikehald av blotar, stigar og liknande som er sett opp for å sikre trygg ferdsel
- Organisert turverksemd til fots og på ski so lenge det ikkje går ut over naturmiljøet.
Med organisert turverksemd meinast ferdsel der ein person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er snakk om ei verksemd med grupper av deltakrar, ein aktivitet som vert gjenteke eller der aktiviteten er kunngjord på førehand.

Tillate etter søknad:

- Oppføring av naudsynte bygg og anlegg i samband med turlagsverksemd.
Nybygg skal vere tilpassa landskapet.
- Bygging av nye bruer og kloppar.
Slike mindre innretningar skal plasserast slik at dei ikkje vert meir synlege i landskapet enn kva som er naudsynt.
- Merking og sikring av stiar som ikkje har vore gjort slike tiltak på før
- Organisert ferdsel i form av idrettsarrangement og liknande
- Organiserte teltleirar eller liknande når det medfører meir enn 20 overnattingsdøgn i same område

Dersom ein skal ha eit idrettsarrangement som fysisk skal gå føre seg inne i landskapsvernområdet, må dette søkjast om. Slike arrangement vil ofte bety at ein må ha midlartidige innretningar inne i verneområdet i form av start- og målområde, drikkepostar, løypemerking med meir. Det vil og føre til at ei viss mengde personar, utstyr og forsyningar vert konsentrert på slike stader og langs ein eventuell trase. Det vil då vere behov for å sette vilkår for korleis arrangementet skal planleggast og gjennomførast, og ofte sette ei grense for kor omfattande eit slikt arrangement kan vere.

Teltleirar eller anna organisert samling av folk vil føre med seg dei same utfordringane som idrettsarrangement. Særleg aktuelt er teltleirar der fleire menneske skal bu i same området over fleire dagar. Det vil kunne føre med seg ei belastning på området i form av slitasje på vegetasjon, bålbrenning, avfall (både restavfall og «organisk») osb. Denne typen belastning på området vil vere minimal når det er snakk om få personar og kort tid, men den vil auke med tal på personar og tal på overnattingar. Det er derfor satt ei grense på 30 overnattingsdøgn (tal personar gonger tal på overnattingar). Dersom ein teltleir eller liknande fører med seg meir enn 30 overnattingsdøgn i same området, må dette søkjast om.

For å fremje verneformålet bør det vere god informasjon til brukarane av området. Informasjonstiltak som krev fysiske inngrep (t.d. informasjonstavler) skal til vanleg leggjast utanfor grensene til verneområdet, i tilknyting til dei mest brukte innfallsportane. Tilrettelegging og drift av parkeringsplassar og innfallsportar må vere tufta på avtale med grunneigar.

4.3.4 Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, so skal utøving av offentleg mynde som omhandlar natur og miljø vurderast opp mot §§ 8-12. Det gjeld og retningslinjer i forvaltningsplanen, dersom desse legg konkrete føringar ut over det som står i verneforskrifta. For tema friluftsliv er dette aktuelt gjeldande reglane om organisert ferdsel, kor verneforskrifta viser til forvaltningsplanen som skal konkretisere kva for organisert ferdsel som må ha løyve frå forvaltningsstyresmakta.

I følgje retningslinjene treng ein ikkje søkje om organisert ferdsel til fots, so lenge det ikkje går ut over naturmiljøet. Tilsvarande ferdsel på ski treng heller ikkje søkjast om. Dette vil til dømes gjelde organiserte turar i regi av turlag, skular eller liknande. Det er ikkje grunn til å frykte at slik verksemid vil skade naturmiljøet, so lenge det øvrige regelverket vert fulgt. Ein må derimot søkje om idrettsarrangement eller anna organisert ferdsel med eit omfang på 30 overnattingsdøgn eller meir. Dette fordi det då er vesentleg større sjanse for negativ innverknad på naturmiljøet, og at det då kan vere behov for å sette vilkår som kan avgrense dette. Kunnskapsgrunnlaget her bygger på erfaringar frå motbakkeløp og liknande idrettsarrangement som er gjennomført i andre verneområde, i tillegg til det kunnskapsgrunnlaget som er synt til i referanselista. Kunnskapsgrunnlaget ved bygging av nye bruer og merking av nye stiar er avhengig av kvar konkret sak. Det bør som hovudregel gjennomførast synfaring i alle slike saker.

Den samla belastninga av friluftsliv er veldig låg per i dag, og so lenge forvaltningsstyresmakta har kontroll på den ferdsla og dei aktivitetane som er søknadspliktige, so er det ikkje grunn til å frykte at den samla belastninga skal bli for høg. Samla belastning vil ikkje verte problematisk ved gjennomføring av dei tiltak som er skildra her i denne planen. I Ålfotbreen vil dessutan topografien, klimaet og tilgjengelegheta i verneområdet sette klare avgrensingar på kor stort omfanget og belastninga kan bli. Samla belastning vil verte eit tema ved eventuell søknad om nye bygg tilknytt dei to turlagshyttene som er i verneområdet, og ved søknader om organiserte tur- eller idrettsarrangement i verneområdet.

Omsyn til mest skånsame metodar og lokalisering vil verte eit tema under handsaming av kvar enkelt sak. Val av trasear for nye stiar og lokalisering av bruer og liknande må vurderast i kvart konkrete tilfelle. Det er og eit viktig poeng at bruer, skilt og slike installasjonar ikkje vert laga større og meir synleg i terrenget enn kva som er naudsynt.

4.3.5 Aktuelle tiltak knytte til friluftsliv

Innfallsportane er særleg viktige for friluftslivbruken. Der det vert tilrettelagt for parkering og merking/utbetring av stiar inn til verneområdet bør det setjast opp informasjonsoppslag med tilrådingar for bruken av området. Informasjonen bør utarbeidast etter dei eksisterande skiltmalane til Miljødirektoratet.

Parkering

Ved eventuelle problem med beitedyr gjer skade på parkerte bilar, bør parkeringsplassane gjerdast inne. Vedlikehald av slike gjerde kan løysast gjennom avtale med grunneigar om arbeid mot godtgjersle (forvaltningsmidlar).

Bruer

Ved utløpet av Svartedalsvatnet bør det tilretteleggast i form av ei bru, og omlegging av stien langs vatnet over til austsida for å lette tilgangen til Trongedalen. Brua bør bestå av ein enkel konstruksjon av vaier med plankedekke. I samband med omlegging av stien vil det vere behov for noko hogst i lia ved Svartedalsvatnet.

Merka stiar

Følgjande stiar bør prioriterast for merking/merking (løyve frå grunneigar lyt innhentast i forkant av tiltak):

- Hope - Gjegnabu. Her har ein no valt å bruke den «nye» traseen som går via Lavestenen, i staden for den gamle inne i Skordalen
- Blåbrebu – brefoten av Blåbreen, inkl. sikring av stige og oppføring av vaier like før stigen
- Yksneelva Kraftverk – Gjegnen
- Skjerdalen – Svaravatnet (til sti frå Hyeneset), inkl. rydding av stitraseen
- Mettenes – Gullsmedhytta

Ved Lille Åskoravatnet, der den merka stien frå Åskora til Ålfotbreen går, er det fare for steinsprang. Verneområdeforvaltinga skal, i samarbeid med SFE, turlag og grunneigarar, vurdere kva for tiltak som bør setjast i verk her. Det er ikkje realistisk å klare å hindre steinsprang i dette området, men tiltak som skilting, informasjon og eventuelt flytting av trase kan vere aktuelle.

4.4 Reiseliv

4.4.1 Status og utfordringar

Det er ikkje nok utstrakt reiselivsverksemd knytt til landskapsvernombordet, og dei få aktørane som nyttar området i næring, har ein bruk som ligg tett opp til det tradisjonelle friluftslivet.

Nokre mindre reiselivsverksemder i området rundt verneområdet som tilbyr overnatting, marknadsfører seg med mogleheter for turar, fiske og jakt, der m.a. brevandringar på Ålfotbrean inngår (www.visitbremanger.no). Desse driv vel å merke ikkje aktiv guideverksemd eller anna næring inne i landskapsvernombordet.

Fjellteksten i revidert Statsbudsjett frå 2003, gjev politiske retningslinjer kring auka bruk av m.a. verneområde i reiselivssamanheng, utan at natur- og kulturhistoriske verdiar skal gå tapt (St.prp. nr. 65). Dette er ført vidare i Soria Moria I og II.

Guideverksemd

Reiselivsverksemda Norway AdvenTURes held til i Davik og livnærer seg av fotturar med guiding. Deira bruk av området dreier seg i hovudsak om guida turar om sommaren og i mindre grad om vinteren. Frå 2010 er det planlagt å prøve ut eit turoppelegg med bruk av kajakk/fot/skitur med overnatting i telt (og eventuelt Gjegnabu), i alt 3 dagar på turen Gjegnen rundt. Turen vil omfatte padling frå Isane på Nordfjordsida, ilandstiging og tur via Svartevatnet/ Gjegnalundsbrean til toppen av Gjegnen, vidare via X- og Y-vatna ned i dalen mellom Gjegnen og Bukkenibba, attende til utgangspunktet. Dersom opplegget lukkast, vil det inngå i det faste programmet til verksemda (kjelde Rogier van Oorschot).

Nordfjord Folkehøgskule og Firda vidaregåande skule har i 2012 og 2013 arrangert eit guida turoppelegg som tek deltagarane med på tur gjennom landskapsvernombordet. Boka «Eit reint eventyr» frå 2012 byggjer på denne turen.

Marknadsføring

Området, og særskilt Ålfotbrean, blir marknadsført av overordna reislivsselskap og reiselivsguidar som FjordKysten og Fjord Norway. På desse internetsidene vert det ikkje gjeve opplysningar om at Ålfotbrean ligg innanfor eit landskapsvernombord med eigne forskrifter heimla i naturvernlova.

Eit anna døme på marknadsføring og informasjon om landskapsvernombordet er turkartet som er gjeve ut for området, der fotturruter er teikna inn. Nokre av desse rutene er vist med gamle trasear som ikkje er kvalitetssikra, og dei er dels teikna inn feil på kartet.

Marknadsføring som ikkje tek opp i seg det ansvaret som ligg i høve til bruken av eit verna område, og som samstundes kan vere til fare for tryggleiken til turgåarar, er ei utfordring som forvaltninga må ta på alvor.

4.4.2 Rammer og regelverk

Verneforskrifta omtalar næringsutvikling spesifikt i § 3, punkt 1.3 n). Elles vil reglane som omtalar friluftsliv, også vere relevante for næring som omfattar guideverksemd ol. (sjå kap. 4.3).

§ 3 VERNEREGLAR

[...]

1.3 Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til:

[...]

n) næringsutvikling som ikkje er i strid med verneføremålet.

At reiselivsverksemd må skje innanfor rammene av verneforskrifta, inneber at inngrep og motorferdsel må haldast på lågast mogleg nivå. Det er difor først og fremst eit naturvenleg reiseliv som har ein plass innanfor landskapsvernombordet. Tyngre tilrettelegging skal, slik Fjellteksten og Soria Moria erklæringane tek opp, leggjast utanfor verna område.

4.4.3 Retningsliner for forvaltninga

Forvaltninga bør ha som mål å få til eit godt samarbeid med reiselivsnæringa i kommunane i landskapsvernombordet. Forvaltninga vil vere open for aktivitet som bidreg til styrking av lokal næring, så lenge dette skjer innanfor rammene sett av verneforskrifta og rammene for berekraft og vern av natur- og kulturverdiar, jf. Fjellteksten. Det kan vere aktuelt å opne for utprøving av reversible tiltak og aktivitetar.

Tillate utan søknad:

- Reiseliv som er i tråd med reglane og retningslinjene for friluftsliv i verneforskrifta og forvaltningsplanen (sjå kap 4.3)

Tillate etter søknad:

- Næringsutvikling som ikkje er i strid med verneføremålet

4.4.4 Aktuelle tiltak knytte til reiseliv

Det bør vere kontakt med destinasjonsselskap som marknadsfører området på generell basis og be dei om å innarbeide informasjon om landskapsvernet og rammene for bruken av dette i si marknadsføring. Det bør utarbeidast ein eigen brosjyre om Ålfotbreen landskapsvernombordet, som og kan distribuerast til reiselivsnæringa.

Det bør utarbeidast kontaktlister for verksemder med interesser innanfor landskapsvernombordet i samband med dei lokale destinasjonsselskapene. Faste rutinar for oppdatering av slike lister bør innførast.

Sjå elles tiltaksplan på nettsidene til verneområdet.

4.5 Motorisert ferdsle

4.5.1 Status og utfordringar

Motorferdsle er etter verneforskriftene aktuelt i følgjande samanhengar:

- Landbruksaktivitet
- Storviltjakt
- Transport av varer til hytter, og material til vedlikehald av hytter, stølar, bruver o.a.
- Vedlikehald av tekniske installasjonar (bekkeinntak og forseinkingsdam)
- Bruk av området i militær operativ samanheng
- Bruk av området i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksem
- Gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver

Topografien i området er brattlendt og lite eigna til barmarks- og snøskuterkjøring. Eit unntak er Skjerdalen, der det kan vere aktuelt med lett hjulgåande transport i samband med transport av kjøt, ved uttak av tømmer, og ved uttransport av skadde husdyr.

Den mest aktuelle forma for motorferdsel innanfor landskapsvernområdet vil vere helikopter. Helikopterflyging er aktuelt i samband med transport av proviant, utstyr og materialar til DNT-hyttene og ved uttak av hjortekjøt i samband med jakta, men denne bruken har eit svært avgrensa omfang. Helikoptertransporten vert ofte samkjørd med kraftselskapa sine flygingar til installasjonar utanfor verneområdet.

Dei største brukarane av helikoptertransport er dei store kraftselskapa og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Kraftselskapa er Svelgen Kraft (tidl. Elkem Energi Bremanger) og Sogn og Fjordane Energi (SFE), som driv kraftanlegg med magasin i yttergrensene av verneområdet (jf. punkt 3.7). For å sikre kunnskap om utviklinga til breane i samband med kraftanlegga, gjer NVE konsesjonspålagde bremålingar for kraftselskapa. Desse målingane vert gjort på 11 faste og 120 ambulerande målepunkt på breen, og går føre seg om lag 4 gonger pr. år (i januar/februar, april/mai, juli/august og på hausten). Kvar gong inneber dette 1-2 flygingar, men eit større tal på landingar. NVE nyttar i tillegg snøskuter til kjøring mellom målepunkta.

Svelgen Kraft og SFE gjennomfører jamlege flygingar som delvis går over verneområdet i samband med tilsyn og vedlikehald av kraftanlegga vår og haust. På vinterstid er det mellom 2 og 5 turar. Svelgen Kraft opplever ofte at dei på flygingar frå Svelgen til Store Åskorvatnet og inn i verneområdet må snu grunna vanskelege vêrtilhøve (tåke). Dette gjer at moglegheitene for flyging i utgangspunktet er avgrensa til få dagar i året.

Nokre av magasina til SFE ligg så nære vernegrensa at omsynet til persontryggleiken gjer det naudsynt å lande innanfor verneområdet ved vanskelege vêrtilhøve. Eit av anlegga, overføringstunnellen frå Skordalselva, ligg dessutan innanfor sjølv grensa, noko som gjer at kontrollar og vedlikehald av inntaket går føre seg innanfor verneområdet.

Ved naudsynt tilsyn med inntaket til minikraftverket i Kvanngrøvelva, som ligg i Støyvatnet, kan det bli behov for bruk av helikopter.

4.5.2 Rammer og regelverk

Verneforskrifta har reglar om motorferdsel i § 3, del 5. Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet.

§ 3 VERNEREGLAR

[...]

5. Motorferdsel

5.1 *Motorferdsel er forbode på land og i vatn.*

5.2 *Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:*

- a) *motorferdsel ved militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikke øvingskjøring.*
- b) *motorferdsel i samband med skogsdrift som er godkjent etter punkt 2.4*

5.3 *Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:*

- a) *husdyrhald*
- b) *storfiltjakt*
- c) *fiske*
- d) *transport av varer til hytter og stølar*
- e) *transport av material til vedlikehald og byggearbeid på hytter, bruar, klopper o.l.*
- f) *transport av material og personell i samband med vedlikehald av eit bekkeinntak og ein forseinkingsdam i verneområdet.*

Det er ikkje forbod mot overflyging i verneforskriftene, og særskilte løyve for lågtflyging etter verneforskrifta er difor ikkje naudsynt (jf likevel reglar om lågtflyging etter luftfartslova med tilhøyrande forskrifter som set forbod mot lågtflyging lågare enn 150 m over bakken m.a. av omsyn til tryggleiken). Kraftselskapa, NVE og utbyggjar av minikraftverk vil likevel ha behov for løyve til landing innanfor vernegrensa i samband med inntak og installasjonar som ligg innanfor og tett inntil grensa (§ 5, punkt 5.3 f).

Det er også viktig å presisere at motorferdsel i utmark og krev løyve frå sektorlovverk i tillegg til eventuelt løyve etter verneforskrifta. Løyve etter sektorlovverk er det kommunen som kan tildele.

4.5.3 Retningslinjer for forvaltninga

I verneområde skal bruk av motoriserte køyre- og luftfartøy haldast på lågast mogleg nivå. Særleg gjeld dette barmarksøyring, som kan gje stor terreng- og markskade.

Transport til hytter

Transport av varer og material til hytter skjer hovudsakleg med helikopter, med frakt til hyttene ein gong på våren/sommaren og borttransport av søppel på hausten. Der det let seg gjere vil det vere ein fordel at transporten vert koordinert med annan transport (t.d. kraftselskapa) for å redusere talet på flygingar gjennom året.

Tillate etter søknad:

- Transport av varer, forsyninger og utstyr til hytter og stølar.
For regelmessige transportbehov vil det vere aktuelt med fleirårige løyver.
Slik transport vil i hovudsak skje med helikopter og bør samkoordinerast med andre transportbehov. Både for å avgrense det totale omfang av motorferdsel og få å spare kostnadar.
- Transport av materialar og utstyr i samband med vedlikehald og byggearbeid på og ved hyttene.
Det er ønskeleg med samkoordinering med andre transportbehov, sjå over.

Transport i landbruket

Transport i landbruket er spesielt knytt til transport av skadde dyr, transport i samband med beitebruk, vedhogst, annan hogst og skjøtsels- og forvaltningsoppgåver.

Tillate utan søknad:

- Overflyging med fly eller helikopter som ikkje landar inne i landskapsvernombordet og som er i tråd med anna gjeldande regelverk for luftfart
- Motorferdsel i samband med gjennomføring av skjøtsel og forvaltning bestemt av forvaltninga

Tillate etter godkjent hogstplan:

- Motorferdsel i samband med hogst i tråd med godkjent hogstplan (sjå kap 4.1)

Tillate etter søknad:

- Motorferdsel i samband med husdyrhald
For regelmessige transportbehov vil det vere aktuelt med fleirårige løyver.
- Transport til hytter og stølar.
For regelmessige transportbehov vil det vere aktuelt med fleirårige løyver.
- Transport av material til vedlikehald og lovleg byggearbeid

Transport i samband med jakt

Frakt av kjøt i samband med hjortejakta skal i utgangspunktet ikkje skje med motorkøyretøy. I ekstra bratt eller utilgjengeleg terregn vil det likevel vere grunnlag for løyve til transport av kjøt ved hjelp av helikopter, og bruk av lett terregnkøyretøy på stien inn til Skjerdalsvatnet (sjå verneforskrifta § 3 pkt. 1.3.i)

Tillate etter søknad:

- Bruk av helikopter i samband med uttransport av hjortekjøt.
Det vil her vere aktuelt med fleirårige løyver med eit visst tal turar per år til dei jaktlaga som har behov for det, der det er fastsett aktuelle landingsplassar.
- Bruk av lett terregnkøyretøy til uttransport av hjortekjøt i Skjerdalen.
Dette gjeld stien frå Skjerdalsstøylen og inn Skjerdalsvatnet dersom den vert oppgradert i samsvar med verneforskrifta § 3 pkt. 1.3.i
Med «lett terregnkøyretøy» meinast ATV eller jernhest.

Motorferdsle i samband med kraftanlegg og bremålingar

Kraftselskapa har behov for motorferdsel med helikopter, både for fast tilsyn og vedlikehald, og i akutte naudsituasjonar som med straumbrot.

Tillate utan søknad:

- Overflyging i samband med tilsyn av anlegg og installasjonar vert ikkje råka av verneforskrifta.
Under overflyging kan det oppstå behov for landing i verneområdet ved akutt vanskelege værtihøve. Denne landinga lyt sjåast som naudlanding, og kjem ikkje innunder reglane i verneforskrifta.

Tillate etter søknad:

- Transport av personell og material i samband med tilsyn og vedlikehald av eit bekkeinntak (Skordalselva) og ein forseinkningsdam.
Her er det aktuelt med fleirårig løyve.

NVE har faste, oversiktlege rutinar for lovpålagde bremålingar etter fastsett program. Dette gjev grunnlag for å utarbeide fleirårige løyve til landing med helikopter, med tilhøyrande føringar om melding til SNO på førehand og rapportering i ettertid. Forsking og klimaovervaking er ikkje nemnd som ein aktivitet der det kan gjevast løyve til motorferdsle etter § 3 punkt 5.3. Denne aktiviteten lyt derfor handsamast under § 48 i naturmangfaldlova om dispensasjon frå vernevedtak.

Annan motorferdsel

Tillate utan søknad:

- Motorferdsle i samband med reelle rednings- og ambulanseoppdrag, politi- og brannvernsverksemrd, militær aktivitet og oppsynsverksemrd.
Denne typen ferdsel skal leggast utanfor verneområdet dersom det er mogeleg utan å gå ut over føremålet.
Øvingskøyring til desse føremåla er ikkje tillate.

Generelt om handsaming av løyve

Ved fleirårige, årvisse behov for motorferdsel, slik som til turlagshytter, NVE sine bremålingar og behov som kraftselskapa har, ligg det til rette for å tildele fleirårige løyve til helikoptertransport som i første omgang kan vare i 1-2 år. Etter ein slik prøveperiode og ev. justering av vilkåra, kan løyvet bli utvida til fornying kvart 4. år.

Ved kjende hekkeplassar for sårbare artar (havørn, kongeørn o.a.) bør helikopteraktivitet ikkje finne stad i hekketida (frå om lag 1. januar til 1. juli). Lokalisering av hekkeplassar for raudlista rovfugl er unntake offentlegheit. Fylkesmannen må difor kontaktast dersom ein har behov for å få nøyaktig lokalisering av slike.

Det vil som regel verte lagt som vilkår i løyve til motorferdsel at SNO skal varslast før motorferdsla finn stad, og at det skal sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltninga i etterkant.

4.5.4 Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, so skal utøving av offentleg mynde som omhandlar natur og miljø vurderast opp mot §§ 8-12. Det gjeld og retningslinjer i forvaltningsplanen, dersom desse legg konkrete føringar ut over det som står i verneforskrifta. Det aller meste av motorferdsel som er aktuelt i landskapsvernområdet er søknadspliktig. Vurdering av miljørettsprinsippa vil derfor verte gjort i kvar enkelt sak.

For det aller meste av verneområdet er det i praksis helikopter som er aktuelt for motorferdsel. Ved val av rute for flyging skal det takast omsyn til andre brukarar av området og i hekketida for rovfugl er det veldig viktig at ein ikkje uroar reirlokaliteta, jamfør § 12 om val av skånsam metode og lokalisering. Bruk av lett terregnkøyrety i samband med transport av hjortekjøt i Skjerdalen er berre aktuelt langs stien her når den eventuelt vert oppgradert til å tåle denne bruken.

4.5.5 Aktuelle tiltak knytte til transport og motorferdsel

Få på plass enkle rutinar for søknad om motorferdsel som er omtala i verneforskrift og/eller forvaltningsplanen.

4.6 Bygningar, og anlegg for akvakultur

4.6.1 Status og utfordringar

Området innanfor vernegrensene er lite kulturpåverka i nyare tid (Gaarder 2003: 31). Dei få bygningane i området er såleis sjeldne fysiske representantar for den menneskelege bruken av området i denne perioden.

Det ligg ni bygningar i landskapsvernombjøret; Blåbrebu (2 stk inkludert sikringsbu), Gjegnabu, to hytter/buer til bremåling nord for Ålfotbreen, ei privat hytte ved Grøndalsstøylen, eit naust ved Støylsvatnet, og to hytter ved Vasstøylen i Skjerdalen. Ei gjetarbu/jakthytte ved elva frå Langevatnet ved Gråfjellet ligg utanfor, like ved vernegrensa.

Hyttene som ligg rett nord for Ålfotbreen er små «containerhytter». Dei vert nytta i samband med NVE sine bremålingar på breen. Det er SFE som har tilsyn med og vedlikehald på hyttene.

Bygningane i området er komponentar i landskapet. Dei har nytteverdi for landbruksdrift, bremåling, rekreasjon og friluftsliv. Det bør bli lagt til rette for at desse bygningane blir haldne ved like.

Akvakultur

Ettersom grensa for Nordfjorden som nasjonal laksefjord går aust for Hyefjorden, ligg eit potensial for etablering av akvakultur i form av lakse- og skjeloppdrett i Hyefjorden. Måten dette vil kunne verke inn på verneområdet er gjennom tiltak på land som er naudsynte for slike anlegg, som t.d. boltar for forankring. Dette skal i tilfelle vurderast etter § 3, pkt. 1.3 k) i verneforskrifta.

4.6.2 Rammer og regelverk

Bygningar, og anlegg for akvakultur, er omtalte i verneforskrifta § 3.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Inngrep i landskapet

1.1 Området er verna mot alle inngrep og tiltak som vesentleg kan endre eller påverke landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta sine punkt 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og varige eller midlartidige innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil, og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, rydding av ny beitemark, bakkeplanering, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, flatehogst, planting av andre treslag enn dei som naturleg veks i området, felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i punkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) vedlikehald av eksisterande bygningar, innretningar og anlegg. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging og utbygging. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet

[...]

- 1.3 Forvalningsstyretemakta kan gi løyve til:**
- a) ombygging og utviding av eksisterande bygninger
 - b) gjenoppføring av bygninger, anlegg og innretninger som har gått tapt ved brann eller naturskade
 - c) oppføring av naudsynte nybygg og anlegg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn som ikke er i strid med verneformålet. Nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk, og det er eit vilkår at det ikke er andre bygningar i området som kan oppgraderast og nyttast til same føremål
 - d) oppføring av nybygg til erstatning for nedfalne bygninger ved Skjerdalsvatnet på annan stad enn den opphavlege. Nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk
 - [...]
 - g) riving av bygninger
 - [...]
 - k) oppsetting av boltar og liknande for forankring av flytande akvakulturanlegg

Akvakultur er og regulert gjennom eige sektorlovverk.

4.6.3 Retningslinjer for forvaltninga

Fylgjande definisjonar vil bli lagt til grunn i forvaltninga av bygningane i Ålfotbreen landskapsvernområde:

Vedlikehald:

- Mindre tiltak som opprusting av teknisk og funksjonell standard slik som taktekking, etterisolering, utskifting av glas (lik dei gamle), panel, utbetring av grunnmur og pipe m.m. Tiltak som fører til fasadeendring, endring av storleik eller bruksendring vert ikkje definert som vedlikehald.

Nybygging:

- Oppføring av nye bygningar.
- Gjenoppføring av bygningar kor tak og berande konstruksjonar har falle ned vert og rekna som nybygg.

Ombygging:

- Arbeid på bygning som fører til bruksendring eller endring av fasaden.

Utbygging:

- Utviding av areal på bygningar.

Nye bygninger

Tillate etter søknad:

- Bygge opp att bygningar som har blitt øydelagt ved brann eller naturskade. Bygningane skal byggast opp att i same storleik og byggeskikk som før. Ein kan ikkje rekne med å få løyve til å bygge opp att bygningar som har fått forfalle over tid der den berande konstruksjonen har falle ned.
- Bygge nybygg til erstatning for nedfalne bygningar ved Skjerdalsvatnet. Nybygg kan oppførast på annan stad enn dei opphavlege, men skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk.
- Oppføring av naudsynte nybygg og anlegg i samband med landbruksverksemd, turlagsverksemd og oppsyn. Slike bygg og anlegg kan ikkje vere i strid med verneføremålet og skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk. Jakt vert ikkje rekna som landbruksverksemd.
Oppføring av nye bygningar skal skje der det fins bygningar frå før, med unntak av landbruksrelaterte bygningar i særskilde tilfelle.
Ein kan ikkje rekne med å få løyve dersom det fins andre bygningar i området som kan oppgraderast og nyttast til same føremål.

Eksisterande bygningar

Tillate utan søknad:

- Vedlikehald av bygningar og anlegg. For definisjon av vedlikehald, sjå side xx

Tillate etter søknad:

- Riving av bygningar
- Utviding av bygning. Forvaltningspraksis tilseier at det normalt sett vert akseptert utviding eller tilbygg med opptil 30 % auke i flatemål (BYA), so lenge bygningen framleis vert i tråd med lokal byggeskikk.
- Ombygging av bygning. Bygningen skal framleis vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk.

Anlegg for akvakultur

Tillate etter søknad:

- Sette opp boltar og andre naudsynte mindre inngrep for forankring av flytande oppdrettsanlegg eller andre anlegg for flytande akvakultur

Generelt

Kva som definerer tilpassing til landskap og tradisjonell byggeskikk er avhengig av skjønn. Dei vanlegaste bygningane med tradisjonar i utmark i Sogn og Fjordane er stølshus og utløer. Heftet "Stølar og stølsdrift", som er gjeve ut av fylkesmennene og fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland (Gald 2009) er ei god rettesnor i utøvinga av dette skjønnet. Lokal byggeskikk i regionen tilseier at bygningar i utmark ikkje bør ha større utvendig flatemål enn maksimalt 35 m². Fylkeskommunen si kulturavdeling vil bli brukt som faginstans i saker kor byggeskikk er eit tema.

Søknadar om byggesaker

Gjenoppføring og nybygg av bygningar og anlegg må skje etter søknad, som må innehalde ein skildring av kva behov som ligg bak ønsket om bygning, og kva for bruksområde bygningen vil få. Det må dessutan opplysts om følgjande punkt:

- storleik og form på bygningen
- utvendig materialval og fargebruk
- takvinkel og takmateriale
- plassering og utforming av vindauge
- skildring av eksisterande bygningsmiljø på staden
- plassering i høve eksisterande bygg og terrenget

Søknaden skal ha følgjande dokumentasjon:

- enkle planteikningar
- fasadeteikningar
- situasjonsplan (kart) med plassering av bygning i høve eksisterande bygningsmiljø
- foto frå eksisterande bygningsmiljø og landskap
- gamle foto ved gjenoppbygging av gamle hus

4.6.4 Aktuelle tiltak knytte til bygningar

Alle eksisterande bygg i landskapsvernområdet bør kartleggjast/dokumenterast ved hjelp av kartfesting og foto.

4.7 Kraftanlegg og andre tekniske inngrep

4.7.1 Status og utfordringar

Det er bygd eit minikraftverk ved Kvanngrøfossen i Grøndalen. Kraftverket ligg utanfor grensa til landskapsvernområdet, men inntaket ligg i Støylvatnet like innanfor vernegrensa. Vatnet vert ført i tunell i berget direkte frå vatnet og ned i kraftstasjonen, og tiltaket vart klarert i samband med utforminga av verneforskriftene. Eit anna inntak ligg i sørrenden av Gjegnalundsbrean (Skordalselva). I samband med tilsyn av dette inntaket vil det bli behov for landing med helikopter inne i verneområdet (jf. kap. 4.5.1).

4.7.2 Rammer og regelverk

Kraftanlegg og andre tekniske inngrep (utanom akvakultur) er omtala i verneforskrifta § 3.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Inngrep i landskapet

1.1 Området er verna mot alle inngrep og tiltak som vesentleg kan endre eller påverke landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskriften sine punkt 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og varige eller midlartidige innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil, og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, rydding av ny beitemark, bakkeplanering, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, flatehogst, planting av andre treslag enn dei som naturleg veks i området, felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i punkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) vedlikehald av eksisterande bygningar, innretningar og anlegg. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging og utbygging. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet

[...]

- 1.3 *Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:*
- [...]
 - b) *gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som har gått tapt ved brann eller naturskade*
 - [...]
 - j) *etablering av minikraftverk i Kvanngrølva (Grøndalen) i tråd med dei planane som er presenterte i forprosjektet og i NVE si vurdering av konsesjonsplikt (datert 21.2.01), dvs. utan magasin, utan synleg inntak i Støylsvatnet, utan at vassnivået i Støylsvatnet blir påverka, og slik at redusert vassføring berre skal skje vinterstid*
 - [...]
 - l) *etablering av nye fyrlykter og andre merke og stakar i Hyefjorden i regi av Kystverket*
 - m) *uttak av sand til eigen bruk*

Vern av Ålfotbreen-området er ikkje til hinder for kraftutbygging utanfor verneområdet, so lenge dette ikkje påverkar dei naturgjevne tilhøva innanfor vernegrensene, og er underlagt vanleg sakshandsaming for kraftverk. All kraftutbygging må ha konsesjon frå Noregs Vassdrags- og Energidirektorat, uavhengig av verneområdet og verneforskrifta.

4.7.3 Retningslinjer for forvaltninga

Tillate utan søknad:

- Vedlikehald av fyrlykter og sjømerke. Oppsetting av nye krev dispensasjon.
- Vedlikehald av andre eksisterande innretningar og installasjonar. Vedlikehald skal ikkje føre til nemneverdig endra utsjånad eller storleik.

Tillate etter søknad:

- Etablering av minikraftverk i Kvanngrølva i Grøndalen. Dette kraftverket er bygd og i drift.
- Gjenoppføring av anlegg og innretningar som har blitt øydelagt av naturskade eller brann. Nyoppført innretning skal vere av tilnærma same utsjånad og storleik som før.
- Sette opp fyrlykter, merker og stakar i Hyefjorden i regi av Kystverket
- Uttak av sand til eigen bruk. Dette gjeld grunneigarar og eventuelle andre som har rett til å ta ut sand.

Det vil ikkje bli gjeve løyve til nye kraftanlegg eller utviding av eksisterande kraftanlegg innanfor landskapsvernombordet. Eksisterande kraftanlegg som har anlegg innafor landskapsvernombordet kan drivast som før vernet, men må ta omsyn til vernet ved å leggje vekt på estetikk og halde omfanget av motorferdsel på så lågt nivå som mogleg i den vanlege drifta. Eventuell motorferdsel må søkjast om.

4.8 Forsking og undervisning

4.8.1 Status og utfordringar

Ålfotbreområdet har stor geologiske verdi, både regionalt og nasjonalt. Verneområdet ligg i det største feltet med devonske bergartar her til lands der det og går føre seg aktive breprosessar (Hauge 1987; Larsen 2003). Dei geologiske prosessane i området har m.a. resultert i karakteristiske trappetrinnsformer, djupt nedskorne dalar og botnar. I området vart det gjennom store delar av 1900-talet gjennomført berggrunnsundersøkingar av ei rekke forskarar. Mange av fossilane rundt Gjegnalundsbrean er førstegongfunn, og har difor vore gjenstand for mykje forsking (Hauge 1987: 5).

Innanfor faget geologi ved Universitetet i Bergen har området tidlegare vore nytta til studieturar og undervisning, på det som i dag vert kalla Institutt for geovitenskap.

Så langt vi kjenner til vert det ikkje drive aktiv forsking i området i dag. På generelt grunnlag kan det vere av interesse for forskinga å studere endringar i breen bakover og framover i tid (pers. medd. Atle Nesje). NVE sine måleseriar frå Ålfotbreen vil i den samanheng kunne vere av interesse for forskinga. Det store tilfanget av fossil i området gjer området potensielt interessant for paleontologisk forsking. Området vil i tilfelle vere av interesse for fagområda kvartærgeologi, paleoklima, paleontologi og glasiologi.

4.8.2 Rammer og regelverk

Området er verna mot alle inngrep og tiltak som vesentleg kan endre eller påverke landskapet sin art eller karakter. I høve forsking og undervisning er dette særskilt relevant når det gjeld bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker. Plantelivet er verna mot skade og øydelegging.

Forvaltningsstyremaktene kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet krev det, m.a. i samband med vitskapelege undersøkingar, med heimel i naturmangfaldlova sin § 48.

4.8.3 Retningsliner for forvaltninga

Forvaltninga vil generelt stille seg positive til og leggje til rette for forsking som vert drive i området, så lenge forskingsaktivitetane ikkje er i strid med verneforskriftene. Forsking må difor ikkje medføre nemneverdig skade på naturmiljøet, og det er avgjerande at nyttene er større enn inngrepa/skaden, tiltak og motorferdsel som forskinga medfører. Dersom forskingsprosjekt kan medføre skade på naturmiljøet, bør forskinga om mogleg leggjast til ein annan stad utanfor verneområdet.

5 Oppfølging og tiltak

5.1 Sakshandsaming

Søknader og saker som kjem inn til forvaltingsstyresmakta skal stilast til styret og sendast til sekretariatet (verneområdeforvaltaren). Forvaltaren handsamar saka, gjer dei undersøkingane og hentar inn dei opplysningane som trengst for å få handsama saka grundig. Deretter vert saka lagt fram for styret som då gjer vedtak i dei enkelte sakene.

Alle vedtak som det forvaltingsstyresmakta fattar, skal vurderast opp mot miljøprinsippa i naturmangfaldlova sine §§ 8-12. Dette står omtala under del 1.3 i denne planen.

Kopi av vedtak etter verneforskrifta skal sendast til Miljødirektoratet, Statens naturoppsyn, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og andre relevante instansar. Alle vedtak gjort av styret kan klagast på, jf. reglane om klager i forvaltningslova. Alle partar i saka kan klage, og det kan og organisasjonar og liknande som har interesse i saka. Fylkesmannen har og klagerett på vedtak som er gjort av styret.

Ei eventuell klage på eit vedtak skal sendast til sekretariatet, som legg klagen fram for styret. Styret kan enten ta klagan til følgje og gjere om på sitt opphavlege vedtak, eller dei kan sende klagan vidare. Klagen skal då sendast til Miljødirektoratet, som fattar vedtak i klagesaka. Miljødirektoratet sitt vedtak kan ikkje klagast på. Alle vedtak skal også registrerast i miljøvedtaksregisteret.

Ein del tiltak og inngrep treng løyve gjennom fleire lovverk. Forvaltingsstyresmakta har berre mynde til å gje dispensasjonar med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova. I dei tilfella der ein treng løyve gjennom andre lovverk i tillegg, må tiltakshavar sjølv syte for å søkje til den instansen som handsamar det lovverket (kommune, fylkeskommune, direktorat m.fl.).

Det bør etablerast gode rutinar mellom verneområdestyret, verneområdeforvaltar og kommunane for søknader som treng løyve frå fleire instansar (kommune, fylkeskommune, direktorat m.fl.), m.a. når det er behov for løyve både frå verneforskrift og frå anna lovverk. Dette vil til dømes vere aktuelt i motorferdselsaker og bygningssaker, der ein oftast må ha løyve frå kommunen i tillegg til løyve frå forvaltningsstyresmakta. Når eit tiltak krev løyve frå fleire instansar bør dei ulike instansane vere hjelpsame ovanfor søkerane og informere om kva som må søkast og kor ein skal sende søknad.

5.2 Oppsyn

Statens naturopsyn (SNO) er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan og utøver mynde etter lov om statlig naturopsyn. SNO har det overordna ansvar for naturoppsynet i alle verneområda, og ansvar for oppsyn av aktivitet i medhald av følgjande miljølover; friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdselslova, kulturminnelova, viltlova, laks- og innlandsfisklova, småbåtlova og forureiningslova. Oppgåvane til SNO er todelte, og rettar seg både mot tilsyn med naturtilstand og tilsyn med menneskeleg verksemd i naturen.

Den lokale SNO-tilsette vil ha arbeidsoppgåver som inneber

- Oppsyn med tilstand og utvikling i området
- Oppsyn med status for natur- og kulturverdiar
- Rettleiing og informasjon til brukarane av området
- Skjøtsel og vedlikehald
- Kontroll og rapportering i høve brot på verneforskriftene og anna lovverk

Ved det lokale SNO-kontoret på Sandane er det tilsett ein person som har ansvaret for naturopsyn i både Ålfotbreen landskapsvernområde og Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

5.3 Informasjon

Informasjon og formidling er naudsynt for at brukarane av området skal kjenne til naturverdiane i området og for at dei skal kunnesetje seg inn og rette seg etter verneforskriftene. Informasjon vil bli utarbeidd av forvaltninga, med utgangspunkt i malane til Miljødirektoratet.

Internett

Internett er ein god måte å nå ut med informasjon til ei stor målgruppe, samstundes som informasjonen ikkje set fysiske spor i landskapet. Ålfotbreen landskapsvernområde har si eiga nettside, og i tillegg Facebookside. Her vert det lagt ut generell informasjon om regelverk, bruk og forvaltning av landskapsvernområdet, nyheiter om tiltak og liknande, og protokollar etter møta i verneområdestyret.

Informasjonsplakatar

Der det vert tilrettelagt for parkering ved stiar inn i verneområdet, bør det setjast opp informasjonsplakatar om verneområdet. Slike plakatar er utplassert på følgjande stader:

- Hope i Gloppe (2 stk.)
- Grøndalen i Flora
- Sunndalen i Flora (ved Sunndalsvatnet sør for Grøndalen)
- Svelgen/Storeskredene i Bremanger
- Åskora i Bremanger
- Lunden (Yksneelvane) i Bremanger

Det bør òg utarbeidast nokre generelle plakatar som kan nyttast som oppslag i turistinformasjon i lokalmiljø nær verneområdet. Informasjonen bør utarbeidast etter dei eksisterande skiltmalane til Miljødirektoratet. Med tida kan det vere eit mål å ha både ein plakat om Ålfotbreen landskapsvernområde og ein plakat med lokal natur- og kulturhistorisk informasjon ved innfallsportane.

Brosjyre

Det vil bli utarbeidd ei brosjyre om området som t.d. kan distribuerast til reiselivsnæringa og andre brukarar av området. Ein slik foldar bør utarbeidast i tråd med Miljødirektoratet sine malar.

Informasjon til reiselivsaktørar

Det bør takast kontakt med destinasjonsselskap som marknadsfører området på generell basis og desse innarbeide informasjon om landskapsvernområdet og rammene for bruken av dette i si marknadsføring.

Litteraturreferansar

Direktoratet for Naturforvaltning. 2001 (2008). Forvaltningshåndboka. Håndbok 17.

Fjellteksten. St.prp. nr. 65. 2002-2003.

Fylkesmannen i Hedmark. 2010. Etablering av nasjonalparkstyre for Forellhogna nasjonalpark med tilliggende verneområder – praktiske spørsmål. Brev til Holtålen kommune 5. november 2010.

Gald, Reidulf. 2009. Stølar og stølsdrift. I fortid og framtid i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Garder, Geir. 2003. Naturfaglige registreringar innenfor planlagte Ålfotbreen landskapsvernområde.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga. Rapport nr. 1-2003.

Hauge, Leif. 1987. Naturfaglege kvalitetar ved Ålfotbreen. Rapport nr. 8. Fylkesmanne i Sogn og Fjordane. Miljøvernavdelinga.

Larsen, Tore. 2003. Verneframlegg for Ålfotbreen landskapsvernområde. Rapport nr. 7-2003.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Levende skog. 2006. Standard for et berekraftig norsk skogbruk. Rådet for levende skog.

Miljøverndepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Direktoratet for naturforvaltning.

2008. Prosjektbeskrivelse: Forsøk med utprøving av metoder for målstyrt forvaltning i verneområder.

Miljøverndepartementet. 2009. Kgl.res. 9. januar 2009. Med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 og § 6, jf. § 21, § 22 og § 23.

Miljøverndepartementet. 2009. Forskrift om vern av Ålfotbreen landskapsvernområde, Bremanger, Flora og Gloppen kommunar, Sogn og Fjordane.

Moen, Asbjørn. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk. Hønefoss.

Puschmann, Oskar. 2005. Nasjonalt referansesystem for landskap. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. NIJOS rapport 10/2005. Norsk institutt for jord- og skogskartlegging. Ås. Ss. 74-77.

Stortingsmelding nr. 39. 2000-2001. Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet.

Miljøverndepartementet.

Uttakleiv, Lars André. 2009. Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke; Landskapstypeklassifisering og verdisetting i samband med fylkesdelplan for vindkraft. Aurland Naturverkstad rapport 07/2009.

Munnlege kjelder og e-post:

Airlift Førde.

Atle Nesje. Universitetet i Bergen. Geologisk institutt.

Bremanger Hamn og Næring v/ Hildegard Nygård. Reiselivskonsulent.

Bremanger kommune v/ Bjørn Marthinussen.

Den norske turistforening og Ugland IT. 2010. Turkart 1: 50 000. Gloppe.

Elkem Energi Bremanger AS v/Per-Helge Eikeland.

Flora kommune v/ Magnus Frøyen. Fagkonsulent skog.

Gloppe kommune v/ Harald Kjær.

Hallgeir Hansen. Tidlegare rektor ved Nordfjord folkehøgskule.

Jens Skjerdal. Grunneigar Skjerdalen.

Leidolv Solvang. Grunneigar Grøndalen.

Martin K. Førde. Grunneigar Førdsdalen.

Norway AdvenTURes v/ Rogier van Oorschot.

NVE v/Bjarne Kjøllmoen.

SFE v/Ola Lingaas.

SFE v/Rune Haukebø.

Torleif Straume, grunneigar i Straumsbotnen.

Kjelder på internett:

Fylkesatlas Sogn og Fjordane. www.fylkesatlas.no. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Hjorteviltregisteret. www.hjorteviltregisteret.no Naturdata og Miljødirektoratet.

Vedlegg 1

FORSKRIFT OM VERN AV ÅLFOTBREEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I BREMANGER, FLORA OG GLOPPEN KOMMUNAR I SOGN OG FJORDANE

Fastsett ved kongeleg resolusjon av 9. januar 2009 med heimel i lov 19. juni 1970 nr 63 om naturvern §§ 5 og 6, jf §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENsing

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr/bnr:

Bremanger kommune: 38/1, 38/3, 38/4, 38/5, 114/1, 114/2, 114/3, 114/4.

Flora kommune: 75/1, 75/2, 75/3, 75/4, 75/5, 75/6, 75/7, 75/8, 75/9, 75/10, 75/11, 75/12, 75/13, 75/14, 75/19, 75/21, 76/1, 76/2, 76/3, 76/4, 76/5, 76/6, 76/7, 76/8, 76/10, 76/18, 76/30, 76/32, 76/44, 77/1, 77/2, 77/3, 77/4, 77/5, 77/6, 77/7, 77/8, 77/9, 77/10, 77/11, 78/1, 78/2, 78/3, 78/4, 78/5, 78/8.

Gloppen kommune: 16/1, 16/3, 16/4, 16/6, 16/7, 16/10, 16/12, 16/13, 16/14, 27/1, 27/2, 27/3, 27/4, 27/5, 27/6, 27/7, 27/8, 28/1, 28/4, 33/1, 34/1, 34/2, 34/3, 35/1, 35/2, 35/3, 36/1, 36/2, 37/1, 37/2, 38/1, 38/2, 38/3, 38/4, 38/5, 38/8, 38/9.

Det samla arealet er på om lag 226 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1:50.000, datert Miljøverndepartementet desember 2008.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka. Knekpunktata skal koordinatfestas.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Bremanger, Flora og Gloppen kommunar, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning, og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med vernet er å:

- Ta vare på eit eigenarta, vakkert og kontrastrikt naturlandskap med dei vestlegaste og mest oseanisk påverka isbreane i Noreg.
- Bevare utan større tekniske inngrep dei storslårte og særprega devonske landskapsformene, og heile breidda av naturtypar i overgangen frå høgfjell og bre til elver og vatn, skogkledde dalar og fjordlier med varmekjær lauvskog.
- Ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskap som finst i området.

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Inngrep i landskapet

- 1.1 Området er verna mot alle inngrep og tiltak som vesentleg kan endre eller påverke landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta sine punkt 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og varige eller midlartidige innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil, og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, rydding av ny beitemark, bakkeplanering, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, flatehogst, planting av andre treslag enn dei som naturleg veks i området,

felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i punkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) vedlikehald av eksisterande bygningar, innretningar og anlegg. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging og utbygging. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet
- b) vedlikehald av eksisterande skilt, bruer, gjerde og stiar
- c) vedlikehald av eksisterande stigar, boltar, kjettingar, tau og wire som er sett opp for å gjere område framkomeleg i samband med jakt og anna ferdsel
- d) rydding av beitemark som har grodd til, beiting, lauving og slått
- e) anlegg av førebelse sanketrører og nødvendig gjerding i samband med desse
- f) plukkhogst av ved til eigen bruk.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) ombygging og utviding av eksisterande bygningar
- b) gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som har gått tapt ved brann eller naturskade
- c) oppføring av naudsynte nybygg og anlegg i samband med landbruk, turlagsverksem og oppsyn som ikkje er i strid med verneformålet. Nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk, og det er eit vilkår at det ikkje er andre bygningar i området som kan oppgraderast og nyttast til same føremål
- d) oppføring av nybygg til erstatning for nedfalne bygningar ved Skjerdalsvatnet på annan stad enn den opphavlege. Nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk
- e) bygging av bruer og klopper
- f) ny merking og sikring av stiar
- g) riving av bygningar
- h) bruk av feltslakteri i samband med hjortejakt
- i) oppgradering av stien mellom Skjerdalsvatnet (Vasstøylen) og Skjerdalsstøylen på ein slik måte at det er mogleg å bruke lett hjulgåande transportmiddel. Stien skal ikkje oppgraderast til veg
- j) etablering av minikraftverk i Kvanngrovelva (Grøndalen) i tråd med dei planane som er presenterte i forprosjektet og i NVE si vurdering av konsesjonsplikt (datert 21.2.01), dvs. utan magasin, utan synleg inntak i Støylsvatnet, utan at vassnivået i Støylsvatnet blir påverka, og slik at redusert vassføring berre skal skje vinterstid
- k) oppsetting av boltar og liknande for forankring av flytande akvakulturanlegg
- l) etablering av nye fyrlykter og andre merke og stakar i Hyefjorden i regi av Kystverket
- m) uttak av sand til eigen bruk
- n) næringsutvikling som ikkje er i strid med verneføremålet.

2. *Plantelivet*

2.1 Plantelivet er verna mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode.

- 2.2 Beiting, lauving, slått og rydding av beitemark som har grodd til, er tillate. Rydding av skytefelt i samband med postering under hjortejakt er også tillate, så lenge ein ikkje fjernar større tre.
- 2.3 Hogst av ved i form av plukkhogst til eigen bruk er tillate.
- 2.4 Hogst av ved for sal og uttak av anna virke kan skje i medhald av plan som er godkjent av forvalningsstyresmakta etter § 6. Ei plan skal normalt byggje på følgjande retningslinjer:
 - a) plukkhogst bør nyttast. Ved lukka hogstformer kan ein nytte hogstflate opp til 5 dekar dersom det blir sett igjen jamt spreidde tre på flata
 - b) særmerkte tre og område som vesentleg pregar skogsbygningen skal ikkje hoggast
 - c) bekkedalar, område med urskogspreng, koller og tiurleikar skal ikkje hoggast
 - d) samanhengande parti med edellauvskog og areal med fuktskog skal ikkje hoggast
 - e) etablering av ny skog skal skje ved naturleg forynging.

3. Dyrelivet

- 3.1 Jakt er tillate etter viltlova.
- 3.2 Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfisklova.

4. Fersel

- 4.1 All fersel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.
- 4.2 Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for organisert turverksemeld til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Annan organisert fersel må ha særskilt løyve av forvalningsstyresmakta der dette går fram av forvalningsplanen. Fersel som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvalningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvalningsplanen i §5.

- 4.3 Føresegnene i punkt 4 gjeld ikkje naudsynt fersel i samband med militær operativ verksemeld, og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemeld, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvalningsoppgåver bestemt av forvalningsstyresmakta.

5. Motorfersel

- 5.1 Motorfersel er forbode på land og i vatn.
- 5.2 Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:
 - a) motorfersel ved militær operativ verksemeld og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemeld, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvalningsoppgåver bestemt av forvalningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskjøring.
 - b) motorfersel i samband med skogsdrift som er godkjent etter punkt 2.4
- 5.3 Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:
 - a) husdyrhald
 - b) storviltjakt
 - c) fiske
 - d) transport av varer til hytter og stølar

- e) transport av material til vedlikehald og byggearbeid på hytter, bruver, klopper o.l.
- f) transport av material og personell i samband med vedlikehald av eit bekkeinntak og ein forseinkingsdam i verneområdet.

6. Ureining

- 6.1 Ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode.
- 6.2 Unødvendig støy skal unngås. Det er ikkje tillate å bruke motor på modellfly, modellbåt o.l.

§ 4 UNNTAK I SÆRSKILTE HØVE

Forvaltningsstyresmaktene kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje stirr mot føremålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærmare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon mv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6 SKJØTSEL

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer kan setje i verk skjøtselstiltak for å fremje føremålet med vernet.

§ 7 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning avgjer kven som skal ha forvaltningsmynde for landskapsvernombordet.

§ 8 RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan oppretta eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernombordet.

§ 9 IVERKSETTING

Denne forskriften trer i kraft straks.

Vedlegg 2

Oversikt over gards- og bruksnummer med rettar i landskapsvernområdet. Lista i § 1 i verneforskrifta har vist seg å ikkje vere komplett, og særleg er det nokre bruk som berre har del i sameige innanfor verneområdet som ikkje har kome med. Følgjande liste skal vere meir oppdatert, men ettersom økonomisk kartverk (som eigedomsoversynet er basert på) ikkje omfattar areal over skoggrensa, kan det framleis vere manglar.

Bremanger kommune:

38/1, 38/3, 38/4, 38/5, 44/1, 44/2, 44/4, 114/1, 114/2, 114/3, 114/4 114/6, 117/1, 117/2, 117/3, 117/5, 117/6, 117/7, 117/8, 117/9, 117/10, 117/11, 117/12, 117/13, 117/14, 117/15, 117/16, 117/20, 117/21, 117/22, 117/25, 117/26

Flora kommune:

75/1, 75/2, 75/3, 75/4, 75/5, 75/6, 75/7, 75/8, 75/9, 75/10, 75/11, 75/12, 75/13, 75/14, 75/19, 75/21, 76/1, 76/2, 76/3, 76/4, 76/5, 76/6, 76/7, 76/8, 76/10, 76/18, 76/30, 76/32, 76/44, 77/1, 77/2, 77/3, 77/4, 77/5, 77/7, 77/8, 77/9, 77/10, 77/11, 78/1, 78/2, 78/3, 78/4, 78/5, 78/8.

Gloppen kommune:

16/1, 16/3, 16/4, 16/5, 16/6, 16/7, 16/10, 16/12, 16/13, 16/14, 27/1, 27/2, 27/3, 27/4, 27/5, 27/6, 27/7, 27/8, 27/10, 28/1, 28/4, 33/1, 34/1, 34/2, 34/3, 35/1, 35/2, 35/3, 36/1, 36/2, 37/1, 37/2, 38/1, 38/2, 38/3, 38/4, 38/5, 38/8, 38/9.


Vedlegg 3

Bilete frå Ålfotbreen landskapsvernombåde



Bilete 1: Skjerdalen og Hyefjorden.

Foto: Edvin Hugvik



Bilete 2: Hyefjorden. Fjellsida på høgre sida er med i landskapsvernombådet.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 3: Gjegnen (1670 moh) med X-vatn i forgrunnen.

Foto: Edvin Hugvik



Bilete 4: Straumsbotnen.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 5: Ålfotbreen. I bakgrunnen ser du Gjegnen (1670 moh) til venstre og Gråfjellet

(1405 moh) til høgre.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 6: Fjelltoppane Keipen (t.v. 1362 moh), Plogen (midten 1357 moh) og Hjelmen

(heilt t.h. 1215 moh).

Foto: Alf Erik Røyrvik




Bilete 7: Frå venstre Saga (1318 moh), Plogen (1357 moh) og Keipen (1362 moh). Den vesle pinakkelen som ligg rett til høgre for Saga heiter Maritinden.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 8: Bilete som syner hylleformasjonane. Biletet er teke frå Hjelmen og austover.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 9: Området har ein unik geologi med spanande hylleformasjonar.
Her ser vi fjella rett nord for Grøndalen, sjølve Grøndalen ser vi heilt til venstre.
Foto: Edvin Hugvik.



Bilete 10: Gjegnabu vert eigm og drive av Flora turlag. Hytta ligg aust for X-vatnet på om lag 1170 moh, på ruta til Gjegnen. Ei av landets mest spektakulære DNT-hytter! Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 11: Blåbrebu vert og eigm og drive av Flora turlag. Den ligg vest for Ålfotbreen. Vanlegaste ruta hit er å gå frå Grøndalen. Flott utgangspunkt for turar på sjølve Ålfotbreen og til fjelltoppar som Saga og Plogen.
Foto: Egil Andreas Vartdal



Bilete 12: Bekkeinntak oppunder breen i Skordalen som fører vann over til X-vatn og vidare mot kraftverket i Åskåra. Det er Sogn og Fjordane Energi (SFE) som driv kraftanlegget.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 13: Sperredam i nærleiken av bekkeinntaket i Skordalen. Sperredammen er om lag 5 m lang, og er bygd av SFE i samband med bekkeinntaket.

Foto: Alf Erik Røyrvik